


ÅRSMELDING  
FOR  
MILJØVERNAVDELINGA  
1986



MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58000  
6400 MOLDE



## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 58 000  
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

Mai 1987

### *FORORD*

Miljøvernnavdelinga ved fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal legg med dette fram melding om verksemda i 1986.

Avdelinga er ein del av fylkesmannen sin administrasjon, og er fagleg og budsjettmessig underlagt Miljøverndepartementet. Fylkeskartkontoret er administrativt underlagt miljøvernnavdelinga, men har eige budsjett og arbeider sjølvstendig med klart definerte oppgåver.

Dei faste oppgåvene ved avdelinga kan summerast opp slik:

- Avløp, renovasjon og spørsmål om ymse former for forureining.
- Vern og forvaltning av naturområde.
- Vassdragsforvaltning.
- Sikring og opparbeiding av område for friluftsliv.
- Forvaltning av ferskvassfisk.
- Forvaltning av vilt.
- Omsyn til naturvern, friluftsliv, naturressursar, og forureining ved inngrep i naturen.

Miljøvernnavdelinga har kontor i byggetrinn II i fylkeshuset saman med resten av fylkesmannsembetet og fylkeskartkontoret.

Dei ymse fagfelta miljøvernnavdelinga arbeider med er stadig skiftande. 1986 var prega av utviklinga innan havbruk, og av spreieninga av lakseparasitten Gyrodactylus salaris. I 1986 fekk avdelinga permanent stillingsheimel for ein vassdragsforvaltar.

I 1986 vart mykje tid brukt til å utarbeide ein langtidsplan for miljøvernnavdelinga for perioden 1987 - 1990. Denne planen vil danne grunnlaget for framtidige årsplanar og årsbudsjett. Interesserte kan få kopi av langtidsplanen ved å ta kontakt med miljøvernnavdelinga.

  
Alv Jakob Fostervoll

  
Odd Høgset

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
2. VERN MOT FORUREINING	2
2.1 Overvaking av vann	2
2.2 Kommunale kloakkinstallasjoner	4
2.3 Kommunale renseanlegg	6
2.4 Kloakkutslepp fra spreidd busetnad	6
2.5 Landbruksforureining	7
2.6 Industri	8
2.7 Fiskeoppdrett	8
2.8 Samla Plan	10
3. AVFALL OG GJENVINNING	11
3.1 Kommunale avfallsanlegg	11
3.2 Gjenvinning av avfall	11
3.3 Biloppsamlingsplassar	12
3.4 Spesialavfall	12
4. STØY	13
5. AKUTT FORUREINING	13
6. KOMMUNALE AVGIFTER	13
7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV	15
7.1 Naturvernarbeidet	15
7.2 Ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde	18
7.3 Smøla - prosjektet	19
7.4 Truga og sårbare artar	19
7.5 Erstatningsreglane ved vern etter naturvernlova	22
7.6 Friluftsliv	24

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
7.7 Fylkesfriluftsnefnden	27
7.8 Plansaker	28
<b>8. FISK</b>	<b>30</b>
8.1 Ressurs og biotopkartlegging	31
8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske	31
8.3 Blanda vassdrag	31
8.4 Laks- og sjøaureførande vassdrag	32
8.5 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris	32
8.6 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure	33
8.7 Oppdrettsfrie soner	34
<b>9. VILT</b>	<b>35</b>
9.1 Viltorgana	35
9.2 Vern av viltet og viltet sine leveområde	35
9.3 Skadegjerande vilt	35
9.4 Hjorteviltforvaltninga	36
9.5 Radioaktivitet	37
9.6 Jegerprøven	38
9.7 Viltfondet	38
<b>10. SAMLA PLAN FOR VASSDRAG</b>	<b>39</b>
10.1 Stortingsbehandlinga i 1986	39
10.2 Nye småprosjekt på høyring i 1986	40
10.3 Vidareføringsprosjekt på høyring i 1986	40
10.4 Ny Stortingsmelding om Samla Plan våren 1987	41
<b>11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR</b>	<b>42</b>
11.1 Personale	42
11.2 Rekneskap 1986	43

## 1. INNLEIING

Det er velkjent at den livsstilen som vi har i dag fører verden inn i ei økologisk krise, og om vi ikkje gjer noko for å rette opp dette, vil våre etterkomrarar måtte betale heile rekninga med både rente og rentesrente.

Det er ikkje det enkelte naturinngrepet eller utsleppet som er skadeleg, men summen av millionar slike hendingar. Tapet av verdens lunger, dei tropiske regnskogane, er eit godt døme på dette. Om ein enkelt nybrottsmann dyrker opp nokre ekstra mål for å gje seg sjølv og sin familie betre levekår, så gjer det ingen ting. Men når fleire millionar nybrottsmenn dyrkar opp regnskogen i Sør-Amerika, i Afrika og i Sørvest-Asia, ja da skader det livsvilkåra på jorda.

Dette kan vi forstå, men det er vanskelegare å forstå at det vi gjer med naturen her i Møre og Romsdal også høyrer heime i dette biletet, og det vi kan gjere for å bøte på skadane er å ta ekstra godt vare på vår eigen natur.

Det er eit problem at nokre kommunar ikkje ser på friluftsliv eller naturvern som noko som har lokal verdi. Haldninga er at desse interessene er tredd ned over hovudet på lokalsamfunnet av statleg byråkrati og embetsmannsveldet. Når kommunane vinn fram med planar som går ut over lokale natur- eller friluftsinteresser, blir dette feira som ein siger for lokaldemokrati og kommunal forstand over statleg byråkrati og uforstand.

På dette området er samarbeidet mellom kommunane og miljøvernavdelinga komme inn i eit uføre. Spørsmålet er kva som kan gjerast for å skape ei positiv haldning i alle kommunar til naturvern og friluftsliv.

Røynslene i miljøvernavdelinga er at samarbeidet er best på dei områda der vi har medspelarar i kommunen. På viltsektoren har vi viltnefndene, på fiskerisektoren er ofte elveeigarlag og lokale fiskeforeiningar til stor hjelp, og på forureiningssektoren tek teknisk etat meir og meir ansvar for at forureiningslova skal etterlevast. Dette skaper grunnlag for godt samarbeid.

Problemet er at i dei fleste kommunane er det ingen som ser det som si hovedoppgåve å arbeide for intensjonane i friluftslova og naturvernlova. Om ein reell maktfaktor i den kommunale beslutningsprosessen såg det som si hovedoppgåve å arbeide for dette, så ville det vere duka for godt samarbeid mellom kommunane og miljøvernavdelinga også på desse områda. Skal tru om det er noko von om å få til noko slikt?

## 2. VERN MOT FORUREINING

### 2.1 Overvaking av vatn

Forureiningssituasjonen i Møre og Romsdal er prega av at kysten og fjordane omslynger mesteparten av dei lågtliggjande område der det er menneskeleg aktivitet. Fjordane er vanlegvis så store, eller har så gode straum- og utskiftingsforhold at det ikkje er forureiningsmessige problem. Men enkelte fjordar har tersklar som reduserer utskiftinga så mykje at det oppstår stagnerande botnvatn.

Vassdraga i fylket er vanlegvis små. Av dei store vassdraga er spesielt Surna påverka av forureining. Mange små elvar og bekkar i område med konsentrert landbruksverksemd er forureina i meir eller mindre grad.

Møre og Romsdal er frå og med 1984 utsett som eit av fire prøvefylke for overvaking av vassdrag og fjordar. I samband med dette har fylkesmannen utarbeidd eitt program for overvaking i Møre og Romsdal for tidsrommet 1984-88. Programmet dekkjer meir omfattande granskingar (tiltaksorientert overvaking), enkel overvaking og granskingar av meir generell karakter. Fylkesmannen har i 1986 utarbeidd ein samlerapport om alle utførte granskingar i fylket i tidsrommet 1983-85.

To meir omfattande (tiltaksorienterte) granskingar i fjordområde blei avslutta med rapport i 1986:

Gurskøy-Hareidlandet-Dragsundet m.v.: Granskinga viser kritiske oksygentilhøve og til dels vesentleg redusert botnfauna i Haddalsvika, Garnesvika, Botnavika og bassenget ved Borgarøya. Ut frå resultata frå granskinga blir ei eventuell etablering av matfiskanlegg i dei utsette områda vurdert å kunne forverre dei eksisterande tilhøva, medan den framtidige auka belastninga frå kloakk (planlagde bustadfelt) i området neppe vil gi spesielle forureiningseffekter.

Molde/Fannefjorden: Granskinga viser at oksygentilhøva inne i fjorden i stor grad er i samvariasjon med tilhøva utanom fjorden. Det er påvist generelt gode utskiftingstilhøve i både djupvan og overflatevatn, og både botnfauna og strandsonevegetasjon synast lite påverka av forureining. Granskinga viser vidare at det ikkje er spesielt behov for å sette i verk reinsetiltak ut over sil/rist for kommunale utslepp.

I 1986 blei det ikkje gjennomført granskingar av typen enkel overvaking i regi av fylkesmannen, bortsett frå ei mindre gransking i Velledalsvassdraget i Sykkylven kommune som blei avslutta i løpet av året. Rapport ligg enno ikkje føre for denne granskinga. Fjordar der det til no er påvist redusert oksygeninnhald i djupvatnet er lista opp i tabell 1 i det følgjande, der det og er gitt opplysningar om kven som har utført dei einskilde granskingane.

I desember 1986 blei granskinga i Sunndalsfjorden starta opp. Granskinga blir gjennomført av Norsk Institutt for Vannforskning, og blir finansiert med bidrag frå Sunndal kommune, Norsk Hydro (Sunndal verk) og staten v/SFT. Av programmet for granskinga går det

fram at den vil omfatte kartlegging av utslepp, vassutskifting/vasskvalitet, strandsone, botnfauna, sediment og miljøgift i organismar.

Tabell 1. Oversikt over fjordar med reduserte oksygenverdiar i djupvatnet.

Fjord	Karakteristikk	Utført av	År
Kjødepollen	dårleg	Havforskningsinst.	1980
	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Syltefjorden	kritisk	Havforskningsinst.	1980
	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Syvdsfjorden	dårleg	Havforskningsinst	1978
	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
Austefjorden	kritisk	Fylkesmannen	1982/83
Kilspollen	kritisk	Fylkesmannen	1982
Ørstafjorden	dårleg	NIVA	1974
	kritisk	Volda Lærarhøgskule	1977-81
	dårleg	Fylkesmannen	1983
Bjørkevika	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Norangsfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Dragsundet m.v.	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
	kritisk	NIVA	1984/85
Holmefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1985
Borgundfjorden	kritisk	NIVA	1976-77
			1980-83
Vatnefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1983/84
Skodjevika	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Flatevågen	kritisk	Fylkesmannen	1982/83
Moldefjorden/ Fannefjorden		NIVA	1971/72
	kritisk	Molde kommune	1981/84
Syltefjorden/ Malmefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Nekstadfjorden/ Sundfjorden/ Ekkilsøyvika		Fylkesmannen	1982/83
Åsskardfjorden	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Hamnesfjorden	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Skålvikfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981-83
Valsøyfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981-85
Foldfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Mjosundet	kritisk	Fylkesmannen	1984
Årvågfjorden	dårleg	Fylkesmannen	1985

Karakteristikken er basert på inndelinga frå NIVA etter oksygeninnhald: 0-3 mg 0/l = kritisk, 3-5 mg 0/l = dårleg. (0/l = Oksygen pr liter).

Avdelinga arbeider med å opprette EDB-register for alle data om hydrografi/ hydrokjemi frå dei nemnde granskingane i Møre og Romsdal. Dette registeret vil representere ei drastisk betring når det gjeld å gjere desse data tilgjengelege for ymse formål.

Arbeidsinnsatsen innafor overvaking, opplegg av register m.v. frå faste tilsette og engasjert personell er for 1986 estimert til om lag 6 månadsverk.

## 2.2 Kommunale kloakkanlegg

Alle byar og større tettstader i Møre og Romsdal ligg i tilknyting til sjø, unntatt Rindal. Dette inneber at det dei fleste stader berre er behov for enkel rensing av kloakken og djupvassutslepp. For utslepp til vassdrag er det nødvendig med høggradig rensing. I enkelte utsette fjordområde vil det og vere aktuelt med høggradig rensing. Enkel rensing vil vere (felles) slamavskillar for små utslepp, silanlegg for større utslepp.

Utbygging av kommunale kloakkar går seint, og utbyggingstakta må aukast dersom det program som er lagt opp frå sentralt hald skal kunne følgjast. I 1986 blei det gitt lån (kr 4.675.000) og tilskott (kr 1.200.000) til oppryddingsprosjekt, med ei kostnadsramme på til saman kr 8.400.000. I tillegg kjem prosjekt som er finansierte lokalt eller over kvoter for grunnlagsinvesteringar eller tomtetekniske arbeid.

Det er framleis få kommunar som har utarbeidd fullgode kloakkrammeplanar som både viser langsiktige løysingar og investeringsprogram for dei nærmaste åra. Fylkesmannen legg stadig meir vekt på at det ligg føre slike planar når det skal gjevast utsleppsløyve etter forureiningslova, og ved behandling av låne- og tilskottssøknadar. Kommunane treng sjølvé slike planer for å ha eit skikkeleg grunnlag for langtids- og årsbudsjett, samt oversiktsplanlegging etter plan- og bygningslova.

Oppgåver i samband med utsleppssøknader, behandling av oversiktsplanar etter plan- og bygningslova, vurdering av kommunale låne- og tilskottsaker, avgifter og budsjett, representerer fortsatt størst arbeidsoppgåve. Kommunane er fordelt mellom saksbehandlarane slik at same person behandler dei fleste meir generelle saker i sin kommune.

Arbeidsinnsatsen i 1986 er rekna til 14 månadsverk.

Lån og tilskott til kommunale oppryddingstiltak 1986

KOMMUNE	PROSJEKT	KOSTNAD	LÅN	TILSKOTT
Rindal	Sanering i Rindal sentrum	389.000	160.000	115.000
Surnadal	Sanering i Surnadalsøra-Øye-Buhagen	1.225.000	610.000	245.000
Sula	Div. arbeid etter kloakkrammeplanen	1.171.000	620.000	200.000
Skodje	Overføring Valle-Håhjem til Storfjorden	600.000	310.000	110.000
Rauma	Isfjorden Kavli-Hatlen	420.000	250.000	40.000
Fræna	Sanering Jendem	825.000	430.000	155.000
Sykylven	Velledalen - Straumgjerde	1.000.000	700.000	0
Hareid	Hjørungavåg - siste etappe overføring	450.000	245.000	70.000
Aure	Kloakkpumpestasjon - Våg	148.000	80.000	20.000
Gjemnes	Utsleppsleidning Heggem reinseanlegg	360.000	200.000	50.000
Stordal	Kloakk i Stordal sentrum	690.000	370.000	110.000
Tustna	Kloakk i Leira-restfinansiering	283.000	200.000	0
Ørskog	Kloakk Ørskog-fjellet Valgermo-Storsteinhaugen 1. etappe	839.000	500.000	85.000
Til saman		8.400.000	4.675.000	1.200.000

### 2.3 Kommunale renseanlegg

I 1986 er det ikke bygd eller tatt i bruk nye høggradige renseanlegg i Møre og Romsdal for kommunal kloakk.

Tabell 4. Større kloakkrenseanlegg i Møre og Romsdal.

Kommune	Anlegg	Type rensing
Rindal	Rindal renseanlegg	Biologisk/kjemisk
Fræna	Farstad	Biologisk
Gjemnes	Heggem	Biologisk
Ålesund	Åse Breivika	Biologisk Sil
Tingvoll	Tingvollvågen	Sil

\*): Silanlegg fjerner partiklar og slam over ein viss storleik som kan føre til lokale ulemper ved urensa utslepp. Renseeffekt for fosfor og organisk stoff er liten.

Arbeidsinnsats med tilsyn m.v. av kloakkrenseanlegg er i 1985 rekna 1/4 månadsverk.

### 2.4 Kloakkutslepp fra spreidd busetnad

I 1986 ble forskrifter om utslepp fra separate avløpsanlegg revisert. Forskriftene sitt verkeområde er utvida i forhold til tidlegare. Det skal i utgangspunktet søkjast om utsleppsløyve for alle separate kloakkutslepp. Forskriften gjeld no og for utslepp til sjø. Vidare gjeld forskriften for enkeltutslepp i tettbygd strøk, men i slik bebyggelse må det vere særlege grunnar for at kommune kan gi utsleppsløyve.

Det er berre kommunen som er tillagt myndighet til å treffen enkeltvedtak etter forskriften. Fylkesmannen er klageinstans og kan elles vedta forskrifter som avgrensar eller utvider kommunen sin myndighet i enkeltsaker.

Forskriften legg ikkje opp til at det skal følgjast noko lempelagre praksis i forhold til tidlegare med å gi utsleppsløyve basert på separate avløpsløysingar.

Den viktigaste praktiske konsekvensen av den nye forskriften er at det no er grunnlag for å krevje reining m.v. for utslepp til sjø.

Fylkesmannen behandler ein del saker som gjeld separate kloakkanelegg, både når det gjeld fråvik frå reinsekrav, og løysingar innanfor tettbygd strøk. Det er òg ein del klagesaker til behandling.

I samband med dei nye forskriftene blei det i 1986 gjennomført regionale orienteringsmøte med kommunane der folk frå teknisk etat, helseråd og bygningsråd kunne delta.

Arbeidsinnsatsen er i 1986 rekna til 1 1/2 månadsverk.

## 2.5 Landbruksforureining

Frå 1980 har det kvart år vore gjennomført omfattande silokontroll på om lag 500 gardsbruk i Møre og Romsdal. Det har vore påvist ulovleg utslepp av pressaft frå 35-50 % av bruken dei enkelte åra, medan omlag 2 av 3 brukarar har fått pålegg om å gjennomføre utbetringar av anlegga sine. Det har vore liten endring av desse forholdstala. Grunnen til dette er truleg at ein vesentleg del av kontrollen er gjennomført i stadig nye område. Inntrykket i område som tidlegare er blitt kontrollert er at forholda er blitt vesentleg betre.

Dei manglane som går igjen oftast er lekkasje frå siloar og gjødsellager. Dessutan er det ofte manglar ved drifta av anlegga når det gjeld montering og tilsyn med pumper. Hovudinntrykket er at anlegga har innebygd for liten tryggleik mot uhell. Det burde i større grad vere satsa på løysingar der pressafta blir samla opp ved sjølvfall til tett gjødsellager/mellomlager eller eventuelt i siloen.

I silosesongen 1986 blei det engasjert 2 personar som ekstrahjelp (5 månadsverk). 621 bruk blei kontrollerte. 383 gardbrukarar fekk påleggsbrev. Av dei vart det knytt forureiningsgebyr til 11 pålegg. 12 gardbrukarar blei meldt til politiet.

Møre og Romsdal har no for fullt teke i bruk av EDB når det gjeld registrering av resultat og oppfølging av silokontrollen. Det blir utarbeidd eigen rapport med meir detaljerte data og vurderingar for silokontrollen 1986.

Det er òg i mindre grad foretatt spesielt tilsyn etter "Forskrifter om lagring og spredning av husdyrgjødsel". Ein gardbrukar er meldt til politiet for brot på forskriftene.

I samband med ei spesiell tilskottsordning under Landbruksdepartementet sitt budsjett til utbetring av gjødsellager, er det fastsett tidsfristar for gjennomføring av tiltak. 65 gardsbruk fekk i 1986 til sammen kr 1.108.400,- i tilskott. Følgjande vassdrag er prioritert frå fylkesmannen:

Batnfjordselva  
Bondalselva  
Eidsdalselva  
Farstadvassdraget  
Hustadvassdraget  
Nåsvassdraget  
Surna  
Valldøla  
Velledalsvassdraget  
Ørstavassdraget.

Sommaren 1986 sette fylkesmannen i gang eit kontrollopplegg for pelsdyrfarmar. 62 anlegg var kontrollerte. Det vart påvist oppgroing i vassdrag ved 9 av desse. Over halvparten av anlegga hadde ei slik utforming og plassering at det er sannsynleg at avrenning til vassdrag finn stad.

Ein pelsdyrfarm hadde ei så dårlig plassering at gjødsla fall rett ned i vassdrag. Her vart brukaren pålagt å stoppe dette.

Fylkesmannen kom med fråsegn til etablering av 6 nye pelsdyrfarmar.

Fylkesmannen avgjorde 35 søknader om frigiing av skattefrie fondsavsetningar til utbetring av gjødsel- og siloanlegg m.v. på gardsbruk.

I 1986 vart det oppretta eit informasjonsutval mot landbruksforureining i Møre og Romsdal i samband med den landsomfattande handlingsplanen mot landbruksforureining. Fylkesmannen stiller med ein representant i utvalet. Det første året har utvalet laga eit informasjonshefte om landbruksforureining og ein tilhøyrande lysbileteserie. Dette er spreidd rundt til landbrukskontora i fylket. Vidare blir informasjonsheftet brukt i studieverksemda til Bygdefolkets Studieforbund vinteren 86/87.

Utvalet har halde foredrag på jordbrukskolen, bondelagsårsmøte og opne møte. Ein har også presentert opplegget i aviser og lokalradio.

Arbeidet mot landbruksforureining kravde 6 månadsverk frå dei fast tilsette. Medrekna ekstrahjelp blir innsatsen til saman 11 månadsverk.

## 2.6 Industri

Statens forureiningstilsyn er generelt konsesjonsmyndighet for utslepp til vatn og luft, samt støy. Industrien er blitt behandla bransjevis og det er fastsett standardkrav for dei fleste industriverksemder med store utslepp. Ein del forureinande bransjar står att, m.a. vaskeri og renseri.

Fylkesmannen er forureiningsmyndighet og behandler utsleppssøknad er frå fiskeforedlingsbedrifter og fiskeoppdrett. I 1986 blei tatt opp til behandling 10 søknader som gjaldt nye anlegg, og 4 søknader som galddt gamle anlegg. 5 av desse søknadene blei ikkje ferdig behandla i 1986.

Statens forureiningstilsyn er stort sett ferdig med si konsesjonsbehandling av for dei fleste industribransjar. I 1986 var det få søknadar til uttale.

Arbeidsinnsatsen blir rekna til 1 månadsverk.

## 2.7 Fiskeoppdrett

I Møre og Romsdal var det pr. 01.01.1986 gitt konsesjon for 583.000 m<sup>3</sup> merdvolum for oppdrett av laks og regnbueaure, fordelt på 82 anlegg. Det var gitt konsesjon for produksjon av i alt 9,2 mill.

**2.8 Samla Plan**

Avslutting av arbeidet med Samla Plan la øg beslag på tid i 1986. Til saman 1/2 månadsverk blei brukt til å utarbeide vassdragsrapportar om forureining.

settefisk, fordelt på 42 anlegg. I løpet av 1986 er det gitt konseksjon for utviding av ein del av dei eksisterande matfiskanlegga, og det er i tillegg gitt konsesjon for 13 nye matfiskanlegg for laks og regnbogeaure. Det er også gjeve konsesjon for 31 nye settefiskanlegg. I tillegg er det gjeve konsesjon for 4 matfiskanlegg for andre fiskeartar enn laks og aure.

Totalt er det no gjeve konsesjon for 698.000 m<sup>3</sup> til matfiskoppdrett, og ein settefiskproduksjon på 21,5 mill. smolt.

Konsesjon for matfiskeoppdrett og stamfiskanlegg blir gitt av Fiskeridirektorat, medan Fiskerisjefen gjev konsesjon til setjefiskanlegg og matfiskanlegg for naturleg forekommende marine artar.

Fra 01.03.1986 treng alle nye fiskeoppdrettsanlegg utsleppsløyve etter forureiningslova, og mynde i desse sakene er delegert fylkesmannen. Dette har medført ein kraftig auke i arbeidsmengda for fylkesmannen i høve til situasjonen før 01.03.86. Då ga fylkesmannen kun ei fråsegn til Statens Forureiningstilsyn om desse sakene.

I 1986 behandla Fylkesmannen 105 søknader om konsesjon for nyetablering, utviding eller flytting av matfisk- og settefiskanlegg. I tillegg blei det vurdert ein del lokalitetar for oppdrett på presøknad-stadium etter kontakt fra einskildpersonar og div. verksemder. Det har òg gjennom heile året komme ein jann straum av telefonoppringingar om desse sakene, noko som krev mykje tid for dei tilsette i avdelinga. Den pressa arbeidssituasjonen har medført at omlag 100 saker ikkje er ferdigbehandla av Fylkesmannen.

Ein del konsesjonar er gitt på vilkår av at det etter avtale med fylkesmannen blir sett i gong eit overvakingsprogram for vasskvaliteten i det aktuelle området.

Ein del av søknadane om etablering av settefiskanlegg er mangelfulle, og særleg er utgreiingane om vasstilgangen ufullstendige. Dette vert påpeikt frå planavdelinga i fylkeskommunen, og fører i ein del tilfelle til at vi må foreta synfaringar og andre granskningar. Ein del av søknadane er av ein slik art at vassuttaket førte til konflikt med allmenne interesser, og vi har tilrådd at 9 saker må behandles etter vassdragsloven.

Fylkesmannen utarbeidde i 1983 eit kart som viste kva område som var lite eigna for fiskeoppdrett. Det har komme ein god del reaksjonar på dette kartet. Vi har imidlertid røynsle for at kartet har hatt ein gunstig verknad som informasjon, idet det etterpå i liten grad er blitt sökt om å få godkjent anlegg på stader der det må rekna med spesielle forureiningsproblem, evt. spesiell fare for slike problem.

Fra fylkeskommunen er det teke initiativ til å gå nærmare inn på dei områda i fylket som er mindre eigna for oppdrett, i form av ei spesiell gransking. Uansett utfallet av denne granskninga vil det vere av stor verdi generelt å få betre kjennskap til og meir data om forureiningssituasjonen og naturgitte tilhøve i fjordar og kystnære farvatn ut over det vi i dag sit inne med.

Arbeidsinnsatsen er rekna til omlag 13 månadsverk.

### 3. AVFALL OG GJENVINNING

#### 3.1 Kommunale avfallsanlegg

Alle kommunane i fylket har ei eller anna form for renovasjonsordning. Desse kan vere ulike både når det gjeld innsamling og behandling. I dei fleste kommunane er det obligatorisk å delta i renovasjonsordninga, i andre er det obligatorisk i dei mest sentrale delane av kommunen og i nokre få kommunar har det til no vore ei frivillig ordning. § 30 i forureiningslova føresett at det etter 1. januar 1985 skal vere obligatorisk renovasjonsordning som minst omfattar tettstadene i kommunane.

Behandling og deponering av avfallet skjer i fyllingar eller ved forbrenningsanlegg.

Interkommunale løysingar har i dei fleste tilfelle vist seg økonomisk fordelaktig og derfor interessant i kommunal sammanheng. Reint fagleg er det og sterke syn for å etablere interkommunale selskap etter kommunelova. På den måten vil det vere eit godt grunnlag til å organisere og drive all innsamling og behandling av alt avfall på den beste måten.

Arbeidet med å bygge forbrenningsanlegget på Grautneset for Ålesund og aktuelle nabokommunar heldt fram i 1986. Arbeidet med å opprette eit samarbeid mellom dei kommunane som skal delta blei sett i gang i 1986 med sikte på å få etablert eit interkommunalt selskap før forbrenningsanlegget på Grautneset står ferdig.

Arbeidsinnsatsen i 1984 er rekna til 1 månadsverk.

#### 3.2 Gjenvinning av avfall

Miljøverndepartementet har utarbeidd handlingsplanen for gjenvinning av avfall.

Miljøvernavdelinga har deltatt i orienteringsmøte i samband med moglege prosjekt i fylket. Spesielt har gjenvinning av matavfall fra storhushald vore drøfta.

I Møre og Romsdal er det idag ein del bedrifter som nyttar eller gjenvinn tradisjonelle avfallsstoff, men det har ikkje blitt noko nye prosjekt i samband med handlingsplanen. I 1986 fekk innsamling av papp og papir ein oppsving i fylket. Fleire firma har etablert seg i dette markedet etter at Ranheim fabrikker har auka kapasitet på mottak av returpapir i sin produksjon.

Arbeidsinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

### 3.3 Biloppsamlingsplassar

Pr 31.12.86 var det følgjande biloppsamlingsplassar i Møre og Romsdal:

Firma	Stad	Bilvrak innsamla (1985)	1986
Eiksund Gjenvinning A/S	6170 Vartdal	(643)	1011
G.Eilertsen A/S	6060 Hareid	(709)	1186
Simonsen A/S	6400 Molde	(636)	972
A/S Jema	6500 Kristiansund	(431)	656
American Car Club Sunndalsøra	6600 Sunndalsøra	(132)	190
Sum (mottatte vrakmeldingar til Toll- og avg.dir.)		(2551)	4015

Innsamla vrakmengde er vesentleg større enn tidlegare år. Tal for 1985 står i parantesa.

Arbeidsinnsats i 1984 er rekna til 1/2 månadsverk.

### 3.4 Spesialavfall

Miljøverndepartementet fastsette i 1984 "Forskrifter om leveringsplikt, innsamling, mottak og behandling/disponering av visse grupper spesialavfall". I tråd med dette er det under utvikling eit landsomfattande system for spesialavfall som vil omfatte ein del sentrale behandlingsanlegg og regionale/lokale oppsamlingsplassar. I Møre og Romsdal er det førebels planlagt ein oppsamlingsplass i Ålesund.

I 1985 la Statens forureiningstilsyn fram plan for korleis oppsamlingsystemet for spesialavfall skulle etablerast på nasjonalt/regionalt nivå. Det blei foreslått etablert 7 regionar med ein regionansvarleg som skulle stå for koordinering av arbeidet innafor det enkelte området. Trondheim kommune/Renholdsvesenet er regionansvarlig for Møre og Romsdal og Trøndelagfylka.

Det er inngått kontrakt med 2 firma som er godkjende som innsamlarar av slikt spesialavfall som er omfatta av spesialavfall-forskriften.

Desse er:

Miljørens A/S, 6023 Emleim  
Brødr. Haugen, 6030 Langevåg

Desse 2 firma har einerett på innsamling av spesialavfall i Møre og Romsdal.

#### 4. STØY

Ved rundskriv T-1/86 fra Miljøverndepartementet blei fylkesmannen delegert myndighet som statleg fagmyndighet for støy i samband med planer etter Plan- og bygningslova og Veglova. Fylkesmannen sitt ansvar omfattar vegtrafikkstøy, flystøy, jernbanestøy, skytebane-støy, industristøy og støy frå andre kjelder som inngår i arealplanar. Dette inneber at alle kommune-, regulerings- og vegplanar må vurderast om det kan vere støyproblem, og om det i tilfelle er gjennomført dei vurderingar og evt innarbeidd dei omsyn som er nødvendig.

Statens forureiningstilsyn er konsesjonsmyndighet og avgjer ut-sleppssøknader som gjeld støy frå skytebanar og industri. Fylkesmannen er uttaleorgan i slike saker. I 1985 har fylkesmannen uttalt seg til 4 søknadar.

Arbeidsinnsatsen er rekna til 2 månadsverk.

#### 5. AKUTT FORUREINING

Fylkesmannen har ikkje noko ansvar for akutt forureining. I 1984 blei det på fylkesnivå m.a. reist spørsmål om sikring av drikkevasskjelder mot akutt forureining som følge av uhell ved transport av farleg gods. Som førebels resultat av desse drøftingane blei det registrert omfang og bruk av risikokjemikaliar i bedriftene i fylket. Fylkesmannen, i samarbeid med Statens Arbeidstilsyn, stod for opplegget for registreringa, medan innhentinga av materialet blei foretatt av politiet.

I 1985 blei dette materialet gjennomgått og systematisert i miljøvernavdelinga, og materialet blei gjort tilgjengeleg for politi og redningstjeneste.

Arbeidsinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

#### 6. KOMMUNALE AVGIFTER

Alle kommunane i fylket kravde i 1986 inn kloakkavgift etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter. 27 kommunar kravde inn vassavgift.

Ved iverksetting av forureiningslova blei Lov om kommunal renholdavgift oppheva. Heimelen til å krevje inn avgift for renovasjon (avfallsgebyr) vart etter dette kommunale forskrifter etter § 34 i forureiningslova.

Det er etter måten stor skilnad på avgiftene kommunane imellom. I nokon grad viser dette forskjell i utgifter ved dei ulike ordningane. Kommunane utnyttar i ulik grad høvet til å dekkje inn kostnadene/utgiftene innan vatn-, kloakk og renovasjon. Enkelte kommunar har eit vesentleg inntektspotensiale her. Nokre få kommunar har så høge avgifter at det er grunn til å vurdere dei nærare. Inntektene ved vass- og kloakkavgift og avfallsgebyr skal heilt ut nyttast innan den enkelte sektor.

Tabell 6. Vass-, kloakk og renovasjonsavgift 1986

Kommune	Vassavgifter		Kloakkavgifter		Avfalls- gebyr
	Tilkopling	Årsavgift	Tilkopling	Årsavgift	
Aukra	5.500	579	4.180	270	428
Aure	3.000	400	2.500	300	325
Averøy	6.200	738	6.200	450	550
Eide			8.040	730	620
Frei	5.000	900	5.000	345	256
Fræna	3.530	565	3.530	563	565
Giske	6.700	580	10.600	580	440
Gjemnes	8.000	710	6.400	590	570
Halsa			5.700	425	315
Haram			2.000	200	450
Hareid			6.600	225	635
Herøy			5.240	326	635
Kristiansund	2.215	730	2.215	165	725
Midsund	4.251	594	4.251	541	560
Molde	2.900	1.395	2.900	820	570
Nesset	3.000	354	3.000	354	470
Norddal			5.675	430	570
Rauma	1.815	363	2.060	411	440
Rindal	5.377	566	5.377	566	325
Sande	5.700	576	6.300	360	615
Sandøy	3.240	650	3.630	400	370
Skodje	8.600	825	5.900	700	564
Smøla	6.740	1.020	4.050	268	482
Stordal			4.500	400	514
Stranda	4.120	430	4.944	350	444
Sula	3.240	500	7.560	310	607
Sunndal	3.000	475	3.000	405	435
Surnadal	3.200	450	3.200	700	400
Sykylven	5.750	875	4.250	200	415
Tingvoll			4.900	550	485
Tustna			5.185	438	325
Ulstein	5.080	645	7.750	455	635
Vanylven	3.818	515	3.818	382	
Vestnes			7.000	900	475
Volda	5.270	323	8.965	201	615
Ørskog	6.325	660	7.715	330	665
Ørsta	5.000	432	8.460	270	570
Ålesund	2.900/ 8.600*)	~1.040	2.900/ 26.000*)	~690	715

Avgiftene er ekskl. mva, og gjeld for bustadhus på 100 m<sup>2</sup> leigear-  
al og for 1 stativ. Avgifter merka \*) gjeld utanfor byggefelt.

## 7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV

### 7.1 Naturvernarbeidet

Arbeidet med dei fylkesvise verneplanane er prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Arbeid på fylkesnivå	Innhenting av merknader	Gjennomføring
Våtmark	utført	utført	1987
Geologi, mineral	"	"	Gjennomført
Geologi, lausmasser	1987/88	1988/89	1990
Edellauvskog	1987	1987/88	1989/90
Myrtypar	1987	1987	1988/90
Sjøfugl	1987	1987	1988/90
Havstrand	1987	1987/88	1988/90
Barskog	1989/90	1990	1991/92
Landskapstypar	1988/90	1988/90	?
Trollheimen	utført	utført	1987
Landsplan nasjonalprk	1987/89	1989/90	?

Landsplan for nasjonalparkar (NOU 1986:13) omfattar fleire område som òg må sjåast i samanheng med Samla Plan. Eit endeleg vedtak i Stortinget vil ha innverknad på om det er aktuelt med eit verneområde i Nord-Ottadal/Tafjordfjella (Reinheimen), og vil òg ha verknad for eit eventuelt verneområde rundt indre delar av Storfjorden, slik framlegget no er.

For Trollheimen og Reinheimen har innføringa av ny plan- og bygningslov ført til at dei mellombels fylkesplanvedtekten automatisk har gått ut. Med heimel i § 17.1 i den nye plan- og bygningslova er det innført mellombels føresegner som kan hindre uønska inngrep i perioden fram til endeleg vernevedtak i Reinheimen.

På grunn av svært mange enkeltsaker, arbeidet med Samla Plan og større plansaker, er ikkje langtidsplanen for dei fylkesvise verneplanane gjennomført, men det er arbeidd noko med dei fleste prioriterte prosjekta. Status for dei enkelte verneplanane og andre viktige prosjekt som seksjonen arbeider med kan kort karakteriseres slik:

#### VERNEPLAN FOR TROLLHEIMEN

Plandokumentet er godkjent i Miljøverndepartementet og når ajourførte grunneigarlistar er klarerte, vil saka bli vedteken i Statsråd. Vi har registrert at det også siste året har foregått ueheldige inngrep i det foreslalte verneområdet. Slike inngrep er i seg sjøl mykje ueheldige, men særleg dersom det vil medføre avvirkning av skog i større mengder vil verneinteressene bli sterkt skadelidande.

#### VERNEPLAN FOR VÅTMARKSOMRÅDE

Arbeidet med planen er sluttført og ligg til slutthandsaming i Miljøverndepartementet. Planen er klarert i høve til dei øvrige departementa og vil bli vedteken i Statråd straks spørsmålet om

makebyte av statsgrunn er formelt klarert for nokre av områda. Planen vil såleis bli vedteken våren 1987.

#### VERNEPLAN FOR MINERALFOREKOMSTAR

Denne verneplanen er vedteken og områda oppmerka. Det gjeld:

Helgehornvatnet i Vanylven kommune Raudehaugen i Vanylven kommune og Kallskaret i Norddal kommune.

Arbeidet med erstatningar er igangsett, og to sakkynlige er i arbeid. Det skal haldast skjønsrett hausten 1987.

#### VERNEPLAN FOR SJØFUGLRESERVAT

På grunn av andre arbeidsoppgåver har framdrifta i arbeidet med denne planen vore heller liten. Men vi rekner med at dei naturfaglege data som blei innhenta til Møre I rapporten vil gi eit enda sikrare grunnlag til å utarbeide det endelege plandokument. Arbeidssituasjonen for 1987 er noko uklar, men vi rekner med å sluttføre arbeidet med førsteutkastet til plandokument.

#### VERNEPLAN FOR KVARTÆRGEOLOGI/GEOMORFOLOGI

Geografisk institutt, Universitetet i Oslo har i 1985 framlagt eit førsteutkast til plandokument. Vi har vurdert dette materiale for lite til å ha noko sikker meining om det er dekkande for utviklingshistoria til kvartærgeologien i fylket. Men det synes som rapporten i første rekke har ivaretake hovedlinene til isavsmeltingshistoria. Det er derfor behov for ein utvida registreringsfase. For dei lokalitetane som er med i førsteutkastet er det i 1986 gjennomført feltarbeid i samband med avgrensing av aktuelle verneområde.

#### VERNEPLAN FOR EDELLAUVKOG

Manglande kapasitet har ført til at det ikkje er arbeidd med denne planen i 1986, men det er teke initiativ i nokre enkeltsaker der grunneigar(ane) har hatt økskje om å nytte områda til andre føremål. Dette gjeld m.a. skogsvegbygging og veg til Eikesdalen.

Den lange tidsperioden mellom fagrappoart og utarbeiding av verneplan er i det heile eit problem som medfører mykje ekstraarbeid. Det må derfor bli eit mål at tida mellom registeringsfase - planfase og planfase - gjennomføring blir så kort som mogleg.

#### VERNEPLAN FOR MYRRESERVAT

Planen var utsend til høyring i 1985, og på grunnlag av innkomne merknader i første halvår 1986 vart det gjennomført supplerande undersøkingar av alternative verneobjekt. Det er og sett i gang landbruksfagleg undersøking av konfliktområde. Vi ventar framleis på fråsegner frå fylkeslandbruksstyresmaktene. Når desse ligg føre, vil vi ta fatt på arbeidet med vurdering av innkomne merknader, justering av verneframlegga og utarbeide endeleg plan. Vi rekner med at dette arbeidet vil bli gjennomført i 1987.

Sjølv om myr utgjer i overkant av 10 % av landarealet i fylket, vil eit utval på ca. 30 objekt der alle myrtypene er representert

medføre enkelte konflikter med andre arealbruksinteresser. Dette gjeld i første rekke myrar i låglandet og ut mot kysten. Men desse myrtypene er også svært verdfulle som verneobjekt, og ei verneplan for myr er ikkje akseptabel utan at desse myrtypene er med. Vi går ut frå at den høyningsrunden som no er i gang vil avklare om myrplanen vil bli eit plandokument som er dekkande for vern av denne naturtypen i Møre og Romsdal.

#### VERNEPLAN FOR HAVSTRAND/DELTAAOMRÅDE

Med utgangspunkt i fagrapporet frå Økoforsk er det gitt orientering til grunneigarar og lokale interesser om aktuelle verneelokalitetar. I denne samanheng er det og gjennomført synfaringar i 1986. Alle reie i denne runden er det registrert ein del konflikter, og uheldigvis har dette og utløyst inngrep i enkelte område, dels av ein slik karakter at verneverdien er vesentleg redusert.

I samband med denne planen vart det i Giske kommune avklara utbyggingskonflikter i to høgt prioriterte område. Mange av dei områda som er tilrådd verma, er svært utsett for inngrep frå andre arealbruksinteresser, jamfør ovafor, og vi reknar med at det kan bli vanskelig å gjennomføre vern med heimel i naturvernlova for alle. Mange av havstrand/deltaområda er med i våtmarksplanen, slik at arbeidet med denne naturtypen blir noko mindre omfattande enn talet på område skulle tilseie.

#### VERNEPLAN RIKFURUSKOG

Økoforsk, Åsavdelinga v/Jan Erik Bjørndalen gjennomførte i 1984 registreringar av denne naturtypen i vårt fylke, men det er ikkje framlagt nokon fagrapporet til denne tid. Dette er ein sjeldan og delvis trua naturtype slik at det hastar med å få gjennomført vern dei forekomstane som er att. Det er likevel naturleg å vente med utarbeiding av ein slik verneplan til registreringane av verneverdige barskogsområde er gjennomført. Etter ein samla landsplan for barskogsreservat er dette planlagt til 1988.

#### GRIMSTADVATNET NATURRESERVAT

Vernet har stort sett fungert etter føresetnadene, men det har vore små inngrep i randsonene frå ivrige grunneigarar i samanheng med dyrkingsarbeid.

Verre er det den omfattande diskusjonen som pågår om korleis utlaupsteskelen i Grimstadvatnet fungerar i høve til den kongelege resolusjonen for flau msenkinga av vatnet. Både grunneigarane og dei kommunale styresmaktene hevdar med stor styrke at naboområda til terskelen medfører stuvingseffekt slik avrenninga av flaumvatnet går for seint. NVE har hatt gående målingar som skal fastlegge både vassmengde i  $m^3$ /sek og avrenningstid slik at dette spørsmålet kanskje vil få ei avklaring i løpet av 1987.

#### RUNDE FREDINGSOMRÅDE

Tilstrøyminga av tilreisande til Runde er som før og alle turistverk semdene har notert ny rekord når det gjeld overnattingar. Det er få konfliktar mellom vernereglane og turisttrafikken, men den store tils strøyminga av privatbilar har tildels medført stor ulempe for dei fast busette. Parkeringsplassen i Goksøyrområdet for ca. 85 bilar vart ferdigstilt med fast dekke på vårparten 1986. Det

vart og sett opp "Parkerings forbudt"-skilt langs vegen i Goksøyra for å få utnytta kapasiteten på parkeringsplassen fullt ut og betre trafikktilhøve i dette bygdelaget. Det var også meinings å få bygd sanitæranlegg i 1986, men det syntes seg uråd å få tak i arbeidsfolk. Derfor må dette utførast i 1987. Informasjon og opplysning er elles svært viktig i eit område som Runde, og det vart utarbeidd fleire opp lysningstavler om verneformål og verneregler i 1986. Desse vil bli oppsette i 1987.

Frå lokalt hald har det komme framlegg om plantelivsfreding for alt udyrkede areal på Runde. Dette fordi tilreisande tar med seg mange av dei meir sjeldne planteartane, dels med rot. Det er naturleg å ta opp dette spørsmålet i samband med verneplanane for myr og havstrand.

#### VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Arbeidet med ein skjøtselsplan for kulturlandskapet på Veøya er gjennomført. Det er også sett i verk tiltak for å halde kulturlandskapet ved like ved innkjøp av traktor, motorslåmaskin m.v. for å slå innmarka. Det er etablert fast oppsyn i Veøy landskapsvernområde, noko som har letta arbeidet i dette verneområdet mykje. Fylkeslandbrukssetaten er engasjert til å ta seg av den praktiske delen av skjøtselsarbeidet på Veøya.

#### 7.2 Ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde

Miljøverndepartementet la i NOU 1986:13 fram Ny Landsplan for nasjonalparkar og større verneområde.

I Møre og Romsdal er det gjort framlegg om at

- Geiranger - Herdalsområdet	ca 500 km <sup>2</sup>
- Utviding av Dovrefjell nasjonalpark til å omfatte Sunndalsfjella	" 535 km <sup>2</sup>
- "Reinheimen" (Romsdal- og Tafjordfjella)	" 650 km <sup>2</sup>

blir verna som nasjonalparkar eller større landskapsvernområde.

Meldinga er no til fråsegn i kommunar, ulike fagorgan og grunneigarorganisasjonar og formålet er i første omgang å klarlegge hovedsynspunkt på innhald og omfang av plandomumentet. Miljøverndepartementet tek sikte på å fremme ei stortingsmelding om den framtidige nasjonalparkpolitikken før det blir aktuelt å arbeide vidare med verneforsлага. Etter at meldinga er behandla i Stortinget, vil det bli fremla konkrete forslag til grenser og verneregler for dei enkelte områda. Og det er først etter ei omfattande høyring med orienteringsmøte og synfaringar det vil bli teke endelig stilling til om eit område skal vernast.

Framlegget til ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde er utarbeidd av Statens naturvernråd etter oppdrag frå Miljøverndepartementet. Landsplanen er i samsvar med motiv og målsetting i St.meld.nr. 68 (1980-81) om vern av norsk natur og følgjer retningslinene for vidareføring av nasjonalparkpolitikken som Stortinget trakk opp under behandlinga av denne stortingsmeldinga (Innst.S.nr. 369 (1980-81)).

Hovudformålet med planen er å sikre eit representativt utval av store, urørte eller særeigna naturområde i heile landet. I den samanhengen er det størst interesse for å sikre dei villmarksområda som er att i landet vårt mot inngrep. Dvs område med meir enn 5 km avstand frå nærmeste veg, jernbane, utbyggingsområde eller større inngrep som t.d. vassdragsregulering eller gruve drift.

I perioden 1900-1980 har villmarksdelen gått attende frå ca 40% til ca 13% av det samla utmarksareal i Sør-Noreg. For heile landet er arealet med villmark oppgitt til ca 23%.

Å oppleve uberørt natur er viktig for menneska si fysiske og psykiske helse. Etter som presset på naturen i nærleiken av buminiljøet aukar, vil slike område bli enda meir verdifulle i framtida. Vern av uberørte naturområde er også svært viktige tiltak for å sikre førekommstar av ulike truga og sårbare plante- og dyreartar.

Landsplanen spenner naturfagleg over eit breitt spekter av naturtyper. I vårt fylke er ikkje utvalet så variert som det har vore ønskjeleg. Det er særleg kystnaturen som er lite representert. Fylkesmannen har i den samanheng fått i oppdrag frå Miljøverndepartementet å finne fram andre aktuelle område som er representative for dei ulike naturtypane i Møre og Romsdal, særleg med tanke på dei naturgeografiske regionane som landet er inndelt i. Denne vurderinga skal gjennomførast i samanheng med første fase i behandlinga av nasjonalparkmeldinga, og vil derfor bli eit av dei vurderingstema som skal behandles ved Stortinget i den planlagte stortingsmeldinga. Arbeidet med dette på fylkesnivået skal vere sluttført sumaren 1987.

### 7.3 Smøla - prosjektet

Arbeidet for vern av dei mest verdifulle naturområda i Smøla kommune er tatt opp i samband med kystsoneplanlegging. Dette er eit samarbeid med kommunen og Møre og Romsdal Fylkeskommune, planavdelinga, med sikte på fleirbruksplanlegging der naturverninteressene vil bli tilpassa andre brukarinteresser. I høve til generalplanen for Smøla er det viktig å få med havbruk etter som øyområda på Smøla er viktige i naturvernsamanheng. Det er nedsett eit planutvalg som kom i arbeid 1986, og planframlegg vil bli framlagt i 1987.

### 7.4 Truga og sårbare artar

Omsynet til plante- og dyreartar i ein utsett bestandsituasjon er ein viktig del av det praktiske naturvernarbeidet, både med tanke på arts- og områdefredingar, og gjennom andre forvaltingstiltak.

Forvaltingsproblema er ueinsarta: Somme artar kan vere direkte truga av utrydding, andre kan ha så spesielle miljøkrav at dei aldri har hatt eller kan få store og tette bestandar. For nokre artar kan det vere menneskeskapte, negative faktorar som trugar.

Møre og Romsdal har ei spennvidde i naturen som ligg opp mot det maksimale av det ein kan finne i eit fylke i vårt land, både klimatisk og topografisk. Dette gjev livsvilkår også for ei rekke artar som kjem inn under kategorien "Truga og sårbar". Vi har langt frå

tilfredstillende oversyn over det som finst av slike artar i fylket, men det kan likevel vere av interesse med ein rask gjennomgang av det vi veit i dag:

- Planteartar

På stader med kalkberggrunn, marinavsetningar og gunstig lokal-klima, finst det fleire botaniske godbitar, også innan kategorien "truga eller sårbar". Talstadhesten og kringliggende kalkfjellsområde i Fræna og Eide er velkjent for sitt planteliv, og her har ØKOFORSK i Trondheim planlagt systematiske undersøkingar når det gjeld planteartar og -samfunn som det er lite og ikkje av i landet elles. Bl.a. skal det her finnast moseartar som ikkje er påviste andre stader i Europa.

Av interesse i ein forvaltingssamanheng er at dei to lokalitetane for breidt dunkjevle, Grimstadvatnet i Hareid og Lerstadvatnet i Ålesund, i dag representerer nordgrense for denne arten i vårt land. Inntil nyleg var det kjent to lokalitetar ved Trondheim, men begge desse har gått ut. Begge førekommstane i vårt fylke er innafor freda våtmarksområde og burde såleis vere sikra. Vidare har bendeltjønnaks vore notert som utdøydd i Norge, men er dei siste åra funne i Myklebustvatnet i Herøy, også her innafor freda område. Av dei atlantiske planteartane har purpurlyng nordgrense i vårt fylke, men er jamnt utbreidd sørover Vestlandet. To andre artar i same følgjet, havburkne og hinnebregne, er sjeldnare, men har ei rekke veksestader i Møre og Romsdal. Særleg havburkne er sjeldan i landsmålestokk, knytta som den er til område med havgrotter langs ytre, eksponerte klippekystar. Andre havbundne artar med nordgrense i Møre og Romsdal er marehalm, strandkveke og dikesvineblom.

- Dyrelivet

Kjennskapen til den lavare faunaen er sædeles mangelfull, og vern og forvalting av insekt og anna småkrek har neppe påkalla lekfolks omsorg. Likevel hører også desse artane med under forvaltingsansvaret vårt. Og visse spesialitetar veit vi at det finst. Sommarfuglarten Nemosyne er påvist berre på to lokalitetar i vårt land. Den eine ligg i Sunndalen. Og så prosaisk det enn kan høyrast: Sjeldne snegleartar er registrerte, bl.a. på Grasøya ytst mot havet i Ulstein. Til og med innafor freda område. Men stort sett er det eit forsøkt felt, dette med vern av den lavare faunaen.

Best kjende dyregruppa i fylket er nok utan samanlikning fuglane, og vårt fylke har eit sentralt forvaltingsansvar for fleire av dei artane som er med i gruppa "truga og sårbare". Minst 3/4 av dei kjende hekkeparar av dvergdykkar i vårt land er å finne i Møre og Romsdal, stort sett innafor område som er med i Verneplan for våtmarker. Likevel er dei sårbar, knytte som dei er til vegetasjonsrike småtjønner i område med tett busetnad. Situasjonen for arten ser ut til å vere stabil. Då er det verre for dei storlom og smålom. Begge har gått sterkt attende i fylket i nyare tid. Derfor er det sett i gang arbeidet for å summere opp viten om desse artane.

Sidan 1975 har toppskarven gått attende med 2/3 i Møre og Romsdal. Etter ein positiv tendens i 1985, gav 1986 på nytt eit svært dårlig år for arten. Ungeproduksjonen var svært lav, og opptelling av hovudkolonien på Runde syntet 25 % færre reir enn i 1985. Fleire av dei mest sjeldne andeartane i vårt land hekkar i Møre og Romsdal.

Nokre av dei har truleg nokre av sine viktigaste lokalitetar her, t.d. knekkand. Diverre har det vore fleire negative trekk: Svansvatnet på Vigra, hekkeplass for knekkand og skeiland, er no uttørka, og det ser ut til at dei taffelendene som hekka på Sula, har forsvunne.

På rovfuglfronten merkar ein seg særleg havørn, kongeørn og vandre-falk. Den førstnemnde har hatt positiv utvikling siste åra. Kongeørnbestanden er og god, kanskje den største og tettaste i noko fylke i vårt land. Dette betyr eit forvaltingsansvar av internasjonal interesse. I internasjonal samanheng er det likevel vandrefalken som for tida er den mest truga. Då er det tilfredstillande å notere at bestanden i Møre og Romsdal har utvikla seg positivt siste åra.

Fylket merkar seg og ut når det gjeld riksefuglar. Ein rapport frå 1985 tyder på at fylket for tida er det viktigaste åkerriksefylket i landet, ein art på kanten av utrydding hos oss. I dag finst denne fuglen mest på brakkmarker i dei ytre øykommunane nord til Fræna. I tillegg er det årvisse førekommstar av myrrikse og vassrikse i fleire av sumpparkene og ferskvatna, to artar som er svært sjeldne og sporadiske elles i landet. Myklebustvatnet i Herøy er ein særleg viktig lokalitet for desse artane. Også i 1986 vart det følgt opp med registreringar og kontroll av dei viktigste hekkeområda.

Det blei 1985 også lagt fram ein rapport om gråspett og kvitryggspett i Møre og Romsdal, to artar som i Europeisk samanheng fell inn under lista over "truga og sårbare". Denne syner, som vi og har vore klar over tidlegare, at det finst gode bestandar av begge artane i fylket. Saman med dei andre Vestlandsfylka har Møre og Romsdal for tida ein vesentleg del av den kjende, europeiske bestand av begge desse spettene. Dei er avhengige av naturlege skogsbestandar og kan svært fort kome i faresona dersom avverking av vestlandsskogane og treslagsskifte til gran blir gjennomført i stor stil. I Surnadal er det følgt opp kontrollar av tradisjonelle hekkeområde for kvitryggspett 1986, samstundes som det under generell faunaregistrering er lagt særleg vekt på denne arten.

Av pattedyra er det først og fremst blant rovdyra ein finn truga og sårbare artar. Nyare registreringar syner at det finst små bestandar av både bjørn, jerv og gaupe i fylket, først og fremst i dei indre grensetraktene. Forvaltinga av desse kan vere problematisk nok, jamfør merknader om rovviltskadar. Registreringsarbeid i 1985 syner og at delar av fylket har bra bestand av oter, ein dyreart som i det meste av Europa har vore på sterkt vikande front. Etter ein stor nedgang også i vårt fylke, ser det no ut til å vere ein viss ekspansjon att.

Som ein ser, vil det i Møre og Romsdal vere bestandar av ei rekke truga og sårbare dyre- og planteartar. Sjøl om nokre av desse kan nyte godt av dei verneplanane som er under arbeid, står det framleis mykje att før datagrunnlag og forvaltingsprinsipp for truga og sårbare plante- og dyrearter tilfredstiller behovet når det gjeld forvalting av desse artane.

### 7.5 Erstatningsreglane ved vern etter naturvernlova

Stortinget vedtok i 1984 nye reglar om erstatning ved oppretting av naturreservat og kulturminne (omfatter òg biotopfreding etter § 9 i naturvernlova). Lovendringa vart sett i verk frå 15. januar 1985. Hovudregelen er at alle grunneigarar og rettshavarar i slike verneområde har krav på å få dekka økonomiske tap som er ei følgje av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med reglane i Lov av 6. april 1984 nr 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom. Det økonomiske tapet skal fastsettast på grunnlag av salsverdi eller bruksverdi. Men i både tilfella kan det berre krevjast erstatning for dei formene for økonomisk utnytting som blir forbode etter vernereglane i det enkelte område. Verneformålet vil derfor få alt å seie for kva stor erstatninga blir. I eit verneområde der grunneigarane kan halde fram med ulike former for næringsverksemd, som t.d. beiting og vedhogst, inneber dette prinsippet at erstatninga blir mindre enn om området skal seljast eller oreignast med full eigedomsrett. Det vanlege i slike vernesaker er likevel at reglane er så strenge at dei vil avgrense grunneigarane sin næringmessige utnytting av området vesentleg. Dei skjønn som er utvikla etter lovendringa syner også at det er stor variasjon i erstatningsutmålinga.

Dei nye reglane i § 20, tredje lekken, i naturvernlova er det bestemt at verdiar som heng saman med offentlege tilskott til bruksutbygging ikkje skal erstattast. Dette prinsippet er også seinare slått fast ved dom i ei konkret sak for høgsterett. Denne lovregelen fører sjølv sagt til at erstatningane i dei fleste verneområda blir vesentleg mindre.

I den nye landsplanen for nasjonalparkar og større verneområde er det gjort framlegg om å verne fleire store område i Møre og Romsdal.

Grunneigarar og rettshavarar i slike område har ikkje krav på erstatning etter dei nye reglane. Det same gjeld ved mellombels vern av eit område. Erstatningane ved oppretting av desse verneområda er regulert i § 20b i naturvernlova som lyder:

*"Økonomisk tap som følgje av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer."*

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne samanheng siktas lovgjevaren til dei retningslinene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i GrL. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjoner på utnytting av fast eigedom. Men Miljøverndepartementet har peike på at det berre er i unnatakstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av eit vernevedtak, at oppretting av landskapsvernområde/nasjonalpark eller mellombels vern kan utløyse krav om erstatning. Eigarar eller rettshavarar som meiner å ha krav på erstatning ved gjennomføring av slike vernesaker, må sjølv sette fram krav for domstolane innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i reservat eller naturminne må setje fram skriftleg krav til fylkesmannen innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er eit vilkår for rett til erstatning etter dei nye reglane.

Det er teke sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Miljøverndepartementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den vil føre til eit raskare erstatningsoppgjer.

Dersom det ikkje blir oppnådd semje, er det naturvernstyresmaktene som må setje fram krav om rettsleg skjønn for domstolane. Det må skje innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket til grunneigarane dersom ikkje partane blir samde om å utsetje fristen.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekte sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er Miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit vernevedtak vil det bli gjeve ei nærmere orientering om erstatningsreglane og framgangsmåten ved fastsettjing av erstatningssummen.

Sjølv om erstatningssakene i prinsippet skal gjennomførast av regjeringsadvokaten, medfører dei nye lovreglane mykje meir arbeid for miljøvernavdelinga. Det er særleg arbeidet med å innhente grunnlagsdata som er avdelinga sitt arbeidsfelt, men også å finne fram til habile sakkunne og føre forhandlingar i samråd med regjeringsadvokaten er krevjande. Til denne tid er det ikkje gjennomført noko rettsleg skjønn. Men i tre område er dei frivillige forhandlingane sluttført utan semje og sakene skal fram for retten i 1987. I desse tre sakene har ca 50 grunneigarar krevd erstatning. Dersom alle planer for vern av ulike naturtypar i Møre og Romsdal blir gjennomført, vil det representere ca 300 reservat. Kor mange grunneigarar og rettshavarar som blir berørte, er vanskeleg å vurdere, men berre i våtmarksplanen er det nærmere 1000 stykke.

Saman med forvaltning av det enkelte verneområde vil erstatningssakene blir ei svært viktig og arbeidskrevjande oppgåve for avdelinga i åra framover.

## 7.6 Friluftsliv

Interessa for å sikre friluftsinteressene er fortsatt stor ute i kommunane, særleg når det gjeld opparbeiding. Og det er fremma søknader for ein samla sum på kr 14.450.224,-.

1. Planlegging av frilufts- og naturområde, post 60: kr 614.000,-
2. Opparbeiding av - " - " 60: " 5.334.852,-
3. Tilskott til sikring - " - " 60: " 1.058.128,-
4. Heil dekning av utgiftene til kjøp av viktige regionale fril.- og naturområde, " 30.1: " 440.000,-
5. Heil dekning av utgiftene til opparbeiding av viktige regionale fril.- og natuomr. " 31.2: " 7.003.244,-

---

I alt kr 14.450.224,-

Rulleringa av Handlingsprogrammet for friluftslivet i Møre og Romsdal vart sluttført i 1986 og er justert i samsvar med det vi kan rekne med av pengar til dette føremålet dei kommande år. For perioden 1987-1996 er det rekna med ei samla investering på kr 6.465.000,- i regionale, viktige område og kr 7.930.000,- i lokale område; i alt kr 14.395.000,-. Dette er ein monaleg reduksjon av investeringsnivået i høve til det tidlegare plandokumentet. Som det går fram av overståande er den planlagte investeringssummen på same nivå som det er fremma konkrete søknader for. Dersom alle prosjekt blir gjennomført, vil det seie at det tek om lag 10 år før alle kan bli realisert. Dette er ein lite heldig situasjon, da det kan føre til at interessa for dette arbeidet blir mindre.

Planarbeidet med kystsoneplanen for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya er ikkje sluttført. Dette er eit typisk kystsoneplanleggingsprosjekt der fleirbruken i kystsona og dei konfliktar dette medfører blir vurdert mot kvarandre og bæreevna i naturgrunnlaget. Avdelinga ser på dette prosjektet som svært nyttig for å vinne erfaring i å vurdere dei problem som bruken av kystnaturen vil føre til både når det gjeld tradisjonell utnytting og bruk og utvikling av nye næringar som t.d. havbruk. Både utviklinga innanfor settefisk-/matfiskproduksjon og skalldyroppdrett går fort. Alle former for oppdrett som krev tilføring av fôr medfører forureining, og alle driftsformer som er aktuelle til denne tid er ganske arealkrevjande. Lokalisering i høve til andre brukarinteresser er derfor eit viktig arbeidsfelt, både i høve til private rettar og ålmenta sin bruk av kystnaturen til ulike formål som t.d. "matauk" og rekreasjon.

I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga er sett i gang eit tilsvarande prosjekt i Smøla kommune. Problemstillinga i dette prosjektet er ei noko anna enn for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya, men også her er det regulering av fleirbruken av kyst- og sjøområda som er det primære. Dette planarbeidet skal sluttførast i 1987. Avdelinga har òg gjeve tilskott til og tek del i eit planprosjekt som skal vurdere arealbruken i nedslagsfeltet til Solnørelva. Dette er eit plansamarbeid med Vestnes, Ørskog og Skodje kommune som blir koordinert av fylkeskommunen si planavdeling.

Møre og Romsdal vart tilstått i alt kr 1.470.500,- til naturvern- og friluftsformål over dei ulike fagbudsjett i 1986, og pengane er

nytta slik:

Tabell 7.1: Utgifter til opparbeiding og skjøtsel i verna område, post 31.1 - tilstått kr 130.000:

Innkjøp diverse utstyr og informasjonsmateriell	50.174
Sanitæranlegg Runde fredingsområde	70.000
Utedo Innerdalen	10.000
I alt kroner	130.174

Tabell 7.2: Heil dekning av utgiftene til opparbeiding og vedlikehald av friluftsområde, post 31.2 - tilstått kr 340.000:

Kommune	Prosjekt	Sum
Gjemnes	Avgiftskasse p-plass Fursetfjellet	2.669
- " -	Fursetfjellet, oppsetting parkeringsboks	600
Ørsta	Hovdevatnet, parkeringsplass	35.000
Rindal	Holstoin, parkeringsplass	45.000
Surnadal	Kårvatnet parkeringsplass	46.000
Fræna	Nordre Bjørnsund, toalett Tandebrygga	30.000
Molde	Julneset, opprusting veg	16.000
Herøy	Skorpa, sikring bygninger	15.557
Molde	Hjertøya, kai og gangbane	40.000
Averøy	Håholmen, flytebrygge	30.000
Ulstein	Borgarøya, kai	8.682
Fril.rådet for n. Sunnmøre	Krakevika, tilskott friareal	30.000
Aure	Brekka, Årvåg, parkeringsplass	25.000
Aure	Semundset, turløype	5.500
Gjemnes	Fagerlia, parkeringsplass	10.000
	I alt kroner	340.008

Tabell 7.3: Tilskott til planlegging og opparbeiding av natur- og friluftsområde, post 60, tilstått kr 220.000:

Kommune	Prosjekt	Sum
Fril.rådet for n. Sunnmøre	Diverse prosjekt	55.000
Sula	Sandvik II, parkeringsplass	20.000
Aukra	Juvika, gjestebåtplassar	10.000
Fræna	Tornes, badeplass	15.000
Kristiansund	Diverse prosjekt	20.000
Aure	Semundset, turløype	10.000
Smøla	Kystsoneplan Smøla kommune	30.000
Møre og Romsdal fylkeskommune	Solnørvassdraget, planlegging	40.000
Rauma	Skorgedalen, opparb. veg	20.000
	I alt kroner	220.000

Tabell 7.4: Utgifter til merking, oppsyn m.v. i verna område, postane 01.9 og 11.5, tilstått kr 196.000:

Lønn oppsynsmenn	56.990
Lønn engasjert personell	36.163
Varer og tenester	103.942
I alt kroner	197.095

Tabell 7.5: Utgifter til sakkyndig hjelp med utarbeiding av verneplanar, og oppstartning EDNA/FRIDA, post 21, tilstått kr 215.000:

Lønn engasjert personell	182.320
Reiser/andre utgifter	31.100
I alt kroner	213.420

Tabell 7.6: Dekning av utgiftene med kjøp av regionale friluftsområde post 30, tilstått kr 522.930:

Kommune	Prosjekt	Sum
Halsa	Knarrbukta	263.930
Sunndal	Grødalen	5.000
- " -	Fuglvågen	219.000
Frei	Prestmyra	35.000
	I alt kroner	522.930

Tabell 7.7: Dekning av utgifter med erstatninger ved vern etter naturvernlova post 30, tilstått kr 100.000:

Juridisk bistand	34.051
Kart/oppmåling	17.400
I alt kroner	51.451

Tabell 7.8: Tilskott til dekning av utgiftene ved kjøp av lokale friluftsområde, post 60, tilstått kr 100.000:

Kommune	Prosjekt	Sum
Rindal	Igeltjønna	100.000

### 7.7 Fylkesfriluftsnemnda

Miljøvernavdelinga fungerer framleis som sekretariat for Fylkesfriluftsnemnda. Som kjent arbeider Miljøverndepartementet med ei stortingsmelding om den framtidige friluftspolitikken i den offentlege sektor, men det er framleis uklart om nemnda skal førast attende til fylkeskommunen eller bli ved fylkesmannsembetet. Den usikre situasjonen når det gjeld nemnda sin funksjon, både saksområde og administrativ plassering, har ført til ein uheldig arbeidssituasjon. Dette gjeld både dei folkevalde og sekretariatet. Dersom framleggget om å opprette hovudutval i alle kommunar og fylkeskommunar for miljøvernsakene blir ein realitet, er det naturleg at fylkesfriluftsnemnda sitt arbeidsområde blir tillagt dette organet.

I 1986 vart det halde 11 møte. Fire av desse gjekk over to dagar, slik at det i alt gjekk med 15 dagar. I tillegg vart det gjennomført mange synfaringar der ein eller to representantar for nemnda deltok, gjerne lokalkjente, saman med tilsette i miljøvernavdelinga.

Nemnda hadde òg vitjing frå Fylkesfriluftsnemnda og miljøvernavdelinga i Sør-Trøndelag over to dagar med ekskursjonar og drøfting av ulike sider ved friluftspolitikken.

I 1986 vart i alt 453 saker behandla i fylkesfriluftsnemnda (i tillegg kjem 81 reguleringsplansaker som har vore refererte i nemnda). Dei 453 sakene fordelte seg på ulike sakstypar på følgjande måte:

	1984	1985	1986
- Dispensasjonssaker etter §§ 17,2 og 117 i PBL (Inntil 01.07.1986 strandplanloven)	299	217	215
- Plansaker etter PBL (bygningsloven)	102	135	147
- Kraftverk/kraftlinjer	2	7	9
- Tilskottssaker (90 søknader)	3	3	3
- Vegar	10	9	15
- Naturvernsaker	7	0	0
- Masseuttak og andre storinngrep	3	0	0
- Andre saker	89	77	64
 I alt	 515	 448	 453

Sekretariatfunksjonen krevde ein arbeidsinnsats på ca 14 månadsverk av dei tilsette ved miljøvernavdelinga. Tidlegare år hjelpte fylkeskommunen til med maskinskriving av dokument som utskrifter av møteboka m.v. Dette representerte ein arbeidsinnsats på ca eit halvt årsverk. Frå 1. januar 1986 har sekretariatet sjølv utført dette arbeidet.

## 7.8 Plansaker

Etter reglane i den nye plan- og bygningslova, må fylkesmannen vurdere alle reguleringsplanar og kommuneplanar før dei eventuelt kan godkjennast av kommunale styresmakter. Lova føresett større informasjon, samarbeid og medverknad på alle plannivå enn det som har vore vanleg tidlegare. Kommunane har plikt til, på eit tidleg tidspunkt, å søke samarbeid med andre offentlege organ som har interesse i planleggingsspørsmål. Fylkesmannen har på sin side også samarbeidsplikt når det gjeld communal arealbruksplanlegging. Ei hovudmålsetting er å forebygge arealbrukskonfliktar gjennom samarbeid mellom kommunale planorgan og statlege faginteresser. Lova føresett også at kommunane kunngjer oppstartig av eit planarbeid slik at alle interessepartar kan kome med sine merknader før reguleringsplanane blir for fastbunde med bestemte løysingar. Førebels er det berre nokre få kommunar som har sendt melding om oppstartig av reguleringsplanarbeid til fylkesmannen.

Miljøvernnavdelinga har det faglege saksbehandlaransvaret for planar som kjem inn til fylkesmannen. Dei fleste plansakene blir berre behandla av miljøvernnavdelinga, men i ein del saker kjem også andre avdelingar med faglege synspunkt. Dei vanlegaste saksområda som blir vurderte er naturverdiar, friluftsinteresser, viltinteresser, støy og ulike forureiningsomsyn.

I 1986 kom fylkesmannen med faglege fråsegner til over 200 reguleringsplanar/endringar. Halvparten av desse hadde vi ikkje merknader til. Av den halvdelen vi hadde merknader til, var få av konfliktfylt karakter. Vi reknar med at om lag 5% av reguleringsplanane vi hadde til behandling var konfliktsaker mellom dei interesser vi har eit særleg ansvar for og lokale vedtak. Dei fleste av konfliktplanane møtte også politisk og administrativ motstand i kommunane og/ eller i fylkeskommunen.

Kunnskaper om naturgrunnlaget i fylket er nødvendig i all planlegging. Vi har under oppbygging eit dataregister (EDNA) som vil innehalde alle tilgjengelege opplysningar om registrerte naturvernverdiar i fylket. Eit tilsvarande data- register (FRIDA) er under oppbygging for viktige friluftsområde i kommunane. Dette er opplysningar som vil bli av spesiell verdi i kommuneplanlegginga i åra som kjem.

Det siste året har vi hatt fleire omfattande reguleringsplanar til fråsegn der arealbruken på førehand ikkje var avklara i oversiktsplansamanheng. Dette er ei lite heldig utvikling, men vi reknar med at opplysningar frå våre dataregistre til bruk i kommuneplanlegginga og betre generelle omsyn til naturverdiane i planleggingsarbeid, vil gje ei positiv utvikling i fylket. Miljøvernnavdelinga har som målsetting å kunne bruke mindre tid på reguleringsplanarbeid og meir på sikring av natur- og friluftsinteresser gjennom kommuneplanlegginga. Men dette målet er sterkt avhengig av at kommunane etter kvart gir oversiktsplanlegginga høgare priorititet.

I samsvar med retningslinjer frå Miljøverndepartementet har vi i plansaker lagt vesentleg vekt på at det blir sikra friområde og friluftsområde i og nær tettstader. Miljøvernnavdelinga ser helst at det blir regulert til friluftsføremål for på den måten å sikre ein mest mogleg urørt natur for friluftsinteressene. Men vi har

ofte inntrykk av at kommunane lar vere å regulere til slike føremål i sine planar for å sikre seg mot økonomiske konsekvensar. Men det er sjeldan at regulering til friområde eller friluftsområde kjem i konflikt med næringsinteresser slik at det kan krevjast innløysing.

Vi har registrert ei sterk auke i vegsaker det siste året. Ein stor del av dei meir omfattande prosjekta gjeld undersjøiske tunnellar. Det blir lagt vekt på rask planlegging og sakshandsaming. Vårt inntrykk av desse sakene er at det blir lagt for liten vekt på planlegging av lagerplass og bruksmåtar for dei store steinmassene som bli tekne ut. Tunellmassane er ein naturressurs som bør kunne nyttast til forskjellige samfunnsføremål, og som til ein viss grad kan erstatte vanlege steinbrudd og grustak.

Strand- og kystr natur har i alle år vore utsett for eit sterkt utbyggingspress her i fylket. Denne utviklinga har forsterka seg mykje dei siste åra på grunn av aukande interesse for etablering av havbruksanlegg. Både strandområde og elveutlaup blir nedbygde. Det er sjeldan at det gjennom reguleringsplanar blir gjort forsøk på ei samordna arealbruk ved etablering av havbruksanlegga. Dei allmenne natur- og friluftsinteressene blir såleis lett skyvde til side. I det siste året har det vore ei stor auke i saker som gjeld skall-dyranlegg. Slike anlegg blir ofte lokalisert i viktige beiteområde for sjøfugl og tek i bruk store sjøareal, og kjem såleis lett i konflikt med viktige natur-, - båtutfart og friluftsinteresser.

## 8. FISK

På samme måte som i 1984 og 1985 har verksemda vore sterkt prega av dei spesielle tilhøva ein har for tida innan forvaltninga av ferskvassfisk i Møre og Romsdal. Den negative utviklinga i produksjon og fangst av laks har fortsett. Dette har sikkert fleire årsaker, men av dei viktigaste er den harde beskattinga av fylkets fiskebestander, og det at lakseparasitten Gyrodactylus salaris no finst i ei rekke av dei beste lakseelvane i fylket. Oppfiska kvantum av laks i elvane er under det halve av kva det var for 10 år sidan.

Det meste av arbeidsinnsatsen har gått med til utgreiingar, granskningar, bearbeiding av data og innsamla biologisk materiale, møter og annan informasjonsverksemnd. Vidare er mykje arbeidstid gått med i samband med kartlegging av utbreiinga av lakseparasitten G. salaris og dei skadane denne medfører.

Fiskerikonsulenten har teke del i ei rekke synfaringar, møte og kurs av ymse slag innan fagfeltet. Ved mange høve er det halde faglege foredrag og innlegg.

Også i 1986 har det diverre blitt registrert eit nytt vassdrag som har fått lakseparasitten G. salaris. I fylket er no parasitten påvist i 19 lokalitetar, og av desse er 18 lakseførande vassdrag. I Noreg er parasitten no funnen på 29 stader. Ein antek at berre i vårt fylke representerte skadane av denne parasitten i 1985 eit fangsttap på ca. 100 tonn.

Prosjektet i samband med dei særlege reguleringane i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal i 1984 - 85 vart avslutta ved at den personen som var engasjert i arbeidet fullførte ein sluttrapport. I samband med dette prosjektet framkom det mykje ny og nytig informasjon kring tilhøva når det gjeld fylkets bestander av laks og sjøaure.

Av saker som fylkesmannen er delegert mynde til å fatte vedtak i er det til saman innvilga stamfiskeløyver for 21 vassdrag. Det er gjeve løyve til fangst av 1345 stamfisk fordelt på 955 laks og 390 aure. Resultatet av stamfisket syner at berre 426 laks og 51 aure vart fanga til kultiveringsformål. Berre 45% av innvilga fangstkvote av laks og 13% av innvilga fangstkvote av aure vart altså fanga. Året før vart det gjort forsøk på ein slik kultiveringsinnsats i tre vassdrag meir i fylket. Årsaka til dette därlege resultatet er at fangsttilhøva i nokre høve var særskilt vanskelege, men i dei fleste tilfelle er nok årsaka at det i elvane er lite fisk å fange på. Ei anna årsak kan og det faktum vere at dei som driv dette uløna arbeidet oftast ikkje ser monalege resultat.

I 1986 er det vidare gjeve 4 løyve for prøvefiske i ferskvatn, og 3 fiskeløyve til enkeltpersonar. Frå Direktoratet for naturforvaltning si side er det tilsaman gjeve 7 fiskeløyve til enkeltpersonar i vårt fylke.

Det er behandla ei rekke saker som omhandlar ulike former for inngrep i vassdrag. Døme på slike inngrep er senking, kanalisering, forbygging, utfyllingar, uttak av vatn til ymse formål osb. Også i 1986 har desse sakene vore høgt prioriterte. I dei fleste av desse sakene har det vore nødvendig med synfaring før ein har kunne gjeve

uttale. I Møre og Romsdal er ei lang rekke vassdrag tilført store skader som ei fylge av ulike former for inngrep, og det foreligg ei rekke nye konkrete planer for ulike nye inngrep i vassdraga. Diverre blir mange tiltak gjennomførte på ein måte som påfører unødvendige skader på natur og miljø.

I 1985 vart det igangsett eit "Biotop-justeringsprosjekt" som har som mål å finne ut kva for tiltak ein kan gjere for å betre tilhøva, og korleis desse tiltaka skal utførast i vassdrag der skadelege inngrep er gjennomførte eller planlagde. I Møre og Romsdal er to vassdrag valgt ut som lokalitetar for slik forsking, nemleg Hareidselva i Hareid kommune og Søya i Sunndal kommune. Denne granskingsa har blitt gjennomført etter planene i 1986. Det er enno for tidleg å trekke ut erfaringar frå desse granskingane.

### 8.1 Ressurs og biotopkartlegging

Etter offentleg statistikk har fylket til saman 22130 vatn når smått og stort er medrekna. Dette utgjer eit vassdekt areal på ca 508 km<sup>2</sup>. Berre frå eit fåtal av desse vatna ligg det føre kunnskap om dei fiskeribiologiske tilhøva.

I fylket er det registrert ca. 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Det egentlege talet er sannsynlegvis meir enn det dobbelte.

Direktoratet for naturforvaltning sin målsetting er og gjeldande for forvaltninga på fylkesplan. Punkt 1 og 2 i målsettinga, som omfattar vern av livsgrunnlaget til våre ferskvassfiskeartar og det å sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk, skal vere prioriterte oppgåver. Ein føresetnad for oppfylling av desse punkta i målsettinga er at ein kjänner til den geografiske utbreiinga til desse artane, samt at ein har ei oversikt over deira livsgrunnlag. I Møre og Romsdal er kunnskapen på desse områda sers mangelfull, og det er stor trøng for å kome i gang med eit slikt registreringsarbeid. Til no har arbeidssituasjonen og bemanninga diverre ikkje gjeve høve til slikt arbeid.

### 8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske

I 1986 er ei rekke vatn undersøkte med omsyn til hydrografi og fiskebestand. Det mest omfattande arbeidet på dette området har vore gjennomført i Sunndal kommune i regi av Sunndal fjellstyre og Sunndal innlandsfiskeremnd. Ein har diverre ikkje funne å kunne prioritere ei deltaking i denne type arbeid, men det har vore gjeve informasjon til dei som har ynskt å gjere slikt arbeid. I ei rekke tilfeller har det vore utlånt garn og anna nødvendig utstyr, og fylkesmannen har oftast gjennomført den detaljerte granskingsa og tolking av dei innsamla data.

### 8.3 Blanda vassdrag

Fiskereglane for vassdrag som både har laks, sjøaure og innlandsfisk (blanda vassdrag), er forskjellige på Nordmøre frå dei som gjeld for Sunnmøre og Romsdal. Dette har historiske årsaker og gjenspeiler ikkje at det er andre fiskeribiologiske tilhøve på Nordmøre i forhold til resten av fylket. Ein slik forskjell i reglane er av mange partar og ut ifrå mange omsyn ueheldig. Som ei

forsøksordning vart det gjeve løyve til eit begrensa fiske med garn i Nåsvatnet, Eide kommune. Sjølv om formålet med fisket var fangst av innlandsfisk, synt det seg at omlag 40% av samla fangst var sjøaure. Det har synt seg og ved andre lokalitetar der ein har blanda fiskebestandar at det vanskeleg let seg gjere å berre hauste av innlandsfiskebestanden utan å samstundes og fanga laks og sjøaure. Eit slikt fiske kjem difor lett i konflikt med intensjonen i fiskeføresegne og folk si oppfatning om kva som kan tillatast. Ved ein revisjon av fiskereglane for fylkes bør ein difor vere særmerksam på dette problemet.

#### 8.4 Laks- og sjøaureførande vassdrag

Den samla årlege fangst av laks i elvane i fylket er meir enn halvert (i vekt) i løpet av dei siste 10 åra. Dette trass i at statistikkgrunnlaget stadig har blitt betre. I same periode er fangstane (i vekt) av sjøaure i vassdraga gått opp. Gjennomsnittsstorleiken på laksen har minka, og det kjem vidare ofte påstander om at lakseoppgangen i elvane er seinare no enn for nokre år sidan. Dersom dette er tilfelle er det urovekkjande. Berre i eit fåtal vassdrag har ein registrert at forureining har hatt ein negativ innverknad på fiskeproduksjon og fiske i vassdrag.

#### 8.5 Lakseparasitten *Gyrodactylus solaris*

I 1986 vart det registrert eit nytt vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. solaris*, nemleg Bævra (Surnadal kommune). Siste gong denne elva vart undersøkt, og funne parasittfri, var i 1982. Ein kan difor sikkert seie at parasitten har spreidd seg til elva etter den tid. Med dei nye registreringane som er gjort av lakseparasitten *G. solaris* i Møre og Romsdal i 1984, 1985 og i 1986, og med dei ressursane som har vore stilt til disposisjon for oppfølging av dette problemkomplekset, må vi diverre slå fast at vi ikkje har kontroll med situasjonen.

Til saman er det no 19 lokalitetar i fylket der denne parasitten førekjem eller har forekome. I landet totalt er det funne 29 slike lokalitetar.

Resultatet av parasittangrepet i elvane her i fylket har, i så nær som ei elv, synt at produksjonen av lakseungar så godt som opphøyrer. Så langt ein kjenner til er det berre lakseungane som vert angripne av denne parasitten. Dette vil ha som resultat at få år etter at parasitten er komne til eit vassdrag vil det oppfiska kvantum av laks i elva gå sterkt attende. I fleire av dei angripne elvane i fylket er det no fare for at den lokale, stedeigne, laksestammen kan døy ut.

Batnfjordselva er den av dei *G. solaris*-infiserte vassdraga her i landet som har synt seg å ha eit noko anna sjukdomsbilete. Mens omtrent alle lakseungane, og da serleg dei som er eit til tre år gamle, dør ut i dei andre infiserte elvane, så overlever eit forbausande høgt tal av eldre lakseungar i Batnfjordselva. Kva som er årsaka til dette er til no ikkje avklara. Med ca. ein månads mellomrom har det i heile 1986 vore innsamla prøver av fisken i Batnfjordselva og sendt til gransking på Universitetet i Oslo. Ei rekke av gangane har det vore sendt levande materiale. Ved alle prøvetakingane i 1986 har det synt seg at denne elva fortsatt skil

seg frå det ein no kjenner som ei naturleg sjukdamsutvikling i ei elv som blir infisert av denne parasitten. Etter det ein kjenner til er det fortsatt meinings at Batnfjordselva skal vere ein forskningslokalitet, og det er planer om å utvide denne aktiviteten.

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd med ei handlingsplan som har som mål å utrydde G. salaris frå våre lakseelvar. Ein slik aksjon inneber ei rekke tiltak som stenging av fisketrappar, bygging av fiskesperrar i enkelte elver og rotenonbehandling.

I henhold til denne plana er det no bygd fiskesperrar i Aure-elva i Sykkylven, og fisketrappene i Usma (Sunndal kommune), Isa (Rauma kommune), Valldøla (Norddal kommune) og Korsbrekke-elva (Stranda kommune) stengde med heimel i lov. Vidare er det gjennomført forsøk på å utrydde parasitten ved hjelp av rotenon i Korsbrekke-elva, Tafjordelva (Norrdal kommune) og i Bævra (Surnadal kommune). Det var vidare planlagt å gjere eit tilsvarande forsøk på parasittutrydding i Aure-elva, men dette arbeidet vart av fleire årsaker utsett til i 1987.

Lakseparasitten vart påvist i Bævra i august 1986. Prøvene synte at infeksjonen var relativt ny dato. Etter det ein i dag veit er faren for vidarespreiing frå ei infisert elv størst kort tid etter at elva vart smitta. Det blei difor vedteke at på grunn av faren for vidarespreiing til andre nærliggande laksevassdrag, m.o.a. Surna, måtte ein söke å redusere denne faren så snøgt som mogleg. Bævra vart av den grunn rotenonbehandla så snøgt ein fann det mogeleg. Det fysiske arbeidet vart gjennomført i november 1986. Mykje taler for at dette arbeidet må gjentakast i 1987.

For å kartlegge utviklinga i fiskebestandane i dei infiserte vassdraga, og for å granske om parasitten etter kvart spreier seg til nye lokalitetar, har det i 1986 vore teke prøver frå ialt 88 elvar her i fylket. Tilsaman er 161 prøver innsamla og bearbeidd. Sjølv om ein til ein viss grad har hatt engasjert hjelp til dette arbeidet, har aktiviteten på dette området gått ut over andre viktige oppgåver. Til dømes ligg ein diverre langt etter med vanleg saksbehandling.

#### 8.6 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure

I 1984 og 1985 vart det gjennomført særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal. Fylkesmannen var av Direktoratet for naturforvaltning bede om å stå for den praktiske gjennomføringa av ulike tiltak for oppfølging. Prosjektet vart avslutta i 1985 og sluttrapporten vart publisert i mars 1986. Frå prosjektet "Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal 1984-85" føreligg det til no følgjande rapportar utgjevne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

RAPPORT: Særlege reguleringar av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Erfaringer av reguleringene i 1984.

RAPPORT: Prøfefiske med kavelflytende garn, makrellgarn og laksegarn, med maskestørrelser henholdsvis 37 - 45 mm og 58 mm, i Møre og Romsdal 1984.

RAPPORT: Prøfefiske med kavelflytende makrellgarn og laksegarn i Møre og Romsdal 1985.

venn em kva tilfellellet er i dag. Sjøforsvaret, som etn på denne måten ønsker å gjie et betre Romsdal. Til dessे fjordområda (sonene) høyre det 49 laks- og til saman et det gjort framleig om 10 oppdrettsfrie soner i More og er fremma etter initiativ fra Direktoratet for naturforvaltning.

Sam et mottiltak har fyldesmannen fremma forsøg om at det vert skjøpaa oppdrettsfrie soner i delar av enkeltte fjordssystem. Forsøkaget

etter det etn i dag kjemmer til, kan oppdrettsnæringa medføre etn vissel for det vissle bestandane av sandrom laksfisk (laks, torsk og sjøfry). Det viktigaste farane er spreitning av sjukdom og det at oppdrettsfisk kan forurene det stedegne stammane av sjukdom og dette av sjøfry). Etter dette etn i dag bestandane av sandrom laksfisk (laks, torsk og sjøfry).

Oppdrettsnæringa har i den senare tid synst et særskog stor settefisksproduksjon. Etter det vissle bestandene av kultivertengslandet og stor- auke av både konsekvensene har det enkeltte anlegga. Dette gjeld både for matfisk- og leikene på det vissle bestandene av sjøfry. Det er stor-

#### 8.7 Oppdrettsfrie soner

RAPPORT: Særlige reguleringer av laksfisket i More og Romsdal i 1984 og 1985. Sluttrapport.

RAPPORT: Laks og sjøfrettfiske med faststårande redskap og dørg i 1985. More og Romsdal. En langstasjonundersøkelse i 1984 og

## 9. VILT

### 9.1 Viltorgana

Viltnemndene har ein svært viktig funksjon i den lokale viltforvaltinga. Etter det inntrykk ein har låg aktiviteten i nemndene på eit normalnivå i løpet av året. Her er det imidlertid store forskjellar nemndene imellom. Enkelte nemnder avgrensar verksenda til det årlege tildelingsmøtet for fellingsløyve på storvilt, medan andre har saker til diskusjon og avgjerd jamnt. I tillegg satsar fleire nemnder på aktiv informasjonsverksem og avviklar årlege jeger treff eller viltkveldar. Dette vert vurdert som viktig for å nå ut med ulik informasjon og for å få inn synspunkt frå grasrota på viltforvaltinga i kommunen.

Fellesmøtet for nemndene vart avvikla i april med den beste framstøtprosenten for slike møte fram til no. Hovudtema på møtet var jegerprøven. I tillegg har det vore avvikla eitt regionalt møte om hjorteforvalting.

Arbeidsutvalet for viltnemndene har hatt to møte i løpet av året. Utkast til nye jakttidsforskrifter var den viktigaste saka som vart behandla.

### 9.2 Vem av viltet og viltet sine leveområde

På grunn av permisjonsfråvar og anna prioritert arbeid har det vore lita framdrift i ferdigstilling av viltområdekartverket i løpet av året. Alt arbeid med datainnsamling er fullført, og det står no att å få materialet lagt inn på EDB slik at kartutskrifter kan distribuerast til aktuelle brukargrupper.

Grunnlagsmaterialet har likevel vore til stor nytte i samband med uttalar i ulike plan- og utbyggingssaker. Det har elles vorte levert bidrag til vassdragsrapportane i Samla plan for vidareføringsalternativa for Rauma og Bygdaelva.

### 9.3 Skadegjerande vilt

Også i 1986 skal det ha vore problem med jerveskader på sau i tilknytning til stammen i Snøhettaområdet. Arbeidet med skadedokumentasjon var dette året lagt til DN.

Fylkesmannen har avslått ein søknad om skadefelling av kongeørn, og søknader fra tre oppdrettsanlegg om felling av skarv og oter. Grunnlaget for det første avslaget var manglende prov for at oppgitte skader skuldast ørn, medan oppdrettsanlegga dels søkte om fellingsløyve ut frå ein skade som dei rekna med ville melde seg med bakgrunn i tidlegare erfaringar, dels hadde dei ikkje sett inn slike forebyggande tiltak som forskriftene krev.

Elles vart det frå fleire stader langs kysten meldt om til dels store plager med skarv i oppdrettsanlegg. Synfaringar og samtalar med oppdrettarar viste at toppskarv spidda og sårskada fisk gjennom

notveggen. Det kom fram at mange var usikre på regelverket som gjeld for felling av skadegjerande vilt, og fleire hadde skote skarv utan at løyve var innhenta. På denne bakgrunn vart det sendt ut eit rundskriv til oppdrettarane i fylket med orientering om dei forskriftene som gjeld.

I løpet av året vart det godkjent to kommunale skotpremieordningar på raudrev og villmink.

#### 9.4 Hjorteviltforvaltninga

Som nemnt i årsmeldinga for i fjor har det vore ein kraftig auke i hjortebestanden det siste tiåret. Det vart vidare vist til at mange vinterområde var kraftig nedbeita, og ein uttrykte otte for at hjorten mange stader kunne få problem med å klare seg i ein hard snøvinter. Dette slo til i fullt mon vinteren 1985/86. Vinteren vart både svært lang og uvanleg snørik. I tillegg til at det kom mykje snø, var det heller ikkje nemnande mildversperiodar som pakka snøen saman. Dette resultert i at det kom inn mange meldingar om hjort som strauk med. I alt vart det registrert ein irregulær avgang på 415 dyr frårekna hjort påkjøyrt av bil og dyr felt ulovleg. Omkomne dyr dyr som vart funne etter 1. april kjem med i statistikken for inneverande år. Dei fem føregåande åra har denne avgangen til samanlikning ligge mellom 50 og 70 dyr. Det er elles grunn til å rekne med at berre ein mindre del av dei dyra som stryk med ute i terrenget vert registrert, og at den verkelege avgangen såleis er langt høgare enn det tala viser.

Vinteren har også gitt seg klare utslag på fellingsresultatet fra jakta. Det vart i alt skote 2638 dyr som er ein nedgang på vel 22 % frå året før. I viktige hjortekommunar som Ørsta, Sunndal og Suradal var det ein nedgang i fellingsresultatet på rundt 50 % samanlikna med året før. Fleire kommunar i ytre strøk viste derimot eit stabilt resultat eller ein svak oppgang. Bestandsreduksjon som følgje av vinteren treng likevel ikkje å være heile forklaringa på nedgangen i fellingsresultat. Store delar av jakttida var prega av regn og ruskver som kan ha lagt ein dempar på jaktiveren hos enkelte. Vidare kan det ha spela inn at fleire lot vere å utnytte tildelt kvote fordi dei vissste eller eller rekna med at vinteren hadde tatt sitt av overskotet.

Det er livevel heilt klart at bestanden har fått ein midlertidig knekk. Av den registrerte vinteravgangen var det naturleg nok ein kraftig overvekt av kalvar. Dette er ein årsklasse der dei best utvikla ungkollene ville ha teke til å reproduusere sjølv i 1987 og heile årsklassen med full tyngde året etter. Når ein veit at ungdyna normalt er svært talrike i ein hjortebestand og gir eit viktig bidrag til kalveproduksjonen, vil det naturleg nok få konsekvensar for tilveksten i bestanden dei nærmast åra at ein god del av ein heil årsklasse er radert bort. Det vil likevel vere rett å nytte det pusterommet ein no har fått til å hindre ein ny auke i bestanden tilsvarande den vi har hatt det siste tiåret. Særleg bør ein legge stor vekt på å spreide jaktttrykket slik at ein haustar mykje der bestanden er stor og legg opp til eit meir moderat uttak i område der ein ønskjer å styrke bestanden.

Når det gjeld rådyr, vart vinteren ei enda større katastrofe enn for hjorten. Her viser foreløpige fellingsresultat at det berre vart skote rundt halvparten så mange dyr som året før, og alle be-

tydelege rádyrkommunar viser vesentleg redusjon i fellingstala. Sjølv om fleire forhold og kan ha verka inn på resultatet her, er det opplagt at vinterdød må vere hovedforklaringa. Rapportar om irregulær avgang støttar og dette synet.

Elgen ser derimot ut til å ha klart vinteren godt, og det vart i alt felt 139 dyr under jakta. Dett er det beste resultatet noko år i fylket til no. Av desse var 49 % kalv og ungdyr og 11 % eldre kyr. I elgforvaltninga vart opplegg med innsamling av jegerdata gjennom "Sett elg" teke i bruk.

På grunn av den harde vinteren for hjorteviltet vart det sett i verk enkelte ekstraordinære tiltak. Bandtvang vart innført den 23. januar over heile fylket med unntak for Sandøy kommune som manglar faste bestandar av desse artane. For å unngå unødig konflikt med hundehaldet, vart bandtvangen avgrensa til å gjelde berre for område som ligg lågare enn 500 meter over havet. Ved å sette denne grensa unngikk ein å legge restriksjonar på hundebruk i område der det ikkje finst vinterforekomst av hjort og rádyr.

Interesserte vart elles oppmoda om å fore hjort og rádyr, og det vart gitt tilskot til slik foring både frå viltfondet, fleire kommunar og rentemidlar frå skogbrukssetaten. Mange dreiv og storstilt foring utan økonomisk støtte. Det er umuleg å vite kor mange dyr ein bærga over vinteren på denne måten, men særleg der vinterbeitet var kraftig utarma frå tidlegare overbeiting, var foringa opplagt ei god hjelp for mange dyr.

I løpet av året kom det inn sju klagesaker til behandling etter hjorteviltforskriftene. Kommunane Aure, Hareid og Tustna fekk redusert minstearealet for hjortejakt.

### 9.5 Radioaktivitet

I samband med kjernekraftulukka i Tsjernobyl vart det sett i gang innsamling av viltprøver for analyse av radioaktivt innhald. Dei første prøvene vart tatt av fallvilt i løpet av sommaren, og sendt til undersøking hos Direktoratet for naturforvaltning. Etter at storviltjakta tok til vart alle viltneindene i fylket bedne om å samle inn tre prøver frå hjort, rádyr eller elg felt under ordinær jakt. Desse prøvene vart analysert av Byveterinæren i Molde i samarbeid med Nordmøre og Romsdal slakteri. Innsamling av prøver frå villrein vart foretatt og analysert i regi av villreinutvala.

I alt vart det undersøkt innpå 200 prøver av storvilt frå fylket. Resultata viste etter måten lågt innhald av radioaktivitet i vilt frå Sunnmøre, noko høgare frå romsdalsområdet og med høgast innhald fleire stader på Nordmøre. Som venta ut frå næringsval hadde villrein høgt innhald av radioaktivitet. Situasjonen førte til at det vart innført omsetningsforbod gjennom offentlege salskanalar for alt villreinkjøt, alt storviltkjøt i kommunane Aure og Tingvoll og rádyrkjøt i alle kommunar med rádyrjakt på Nordmøre og dei fleste kommunane i Romsdal. Med unntak for villrein vart alle restriksjonar på omsetning av viltkjøt annulert etter at den såkalla tiltaks-grensa for radioaktivitet i vilt vart heva frå 600 til 6000 bq/kg.

### 9.6 Jegerprøven

Ansvaret for avvikling av teorieksamen for jegerprøven vart lagt til viltnemndene. Fylkesmannen stod for kunngjering av oppmelding for eksamen gjennom ei fellesannonse for heile fylket. I alt vart det avvikla prøve i 21 kommunar med 268 kandidatar. Av desse greidde 239 prøven som gir ein strykprosent på 9.

Hovudtyngda av dei obligatoriske praktiske kursa vart avvikla av jeger og fiskarforeiningar gjennom studieforbundet Natur og Miljø. Dessutan har AOF og Friundervisninga halde kurs enkelte stader. Det har ikkje kome søknader om få utsetting med å ta praktisk kurs.

For å auke tilgangen på instruktørar for jegerprøven vart det i regi av fylkeslaget av NJFF arrangert eit kurs for utdanning av jegerprøveinstruktørar. Etter dette vart det godkjent 35 nye instruktørar slik at ein no har ialt 98 instruktørar i fylket fordelt på 29 kommunar. Sjølv om nokre kommunar enda manglar autorisert instruktør, er likevel dekninga slik at det skulle vere muleg å gi tilbod om jegerprøve overalt i fylket.

Ein har elles inntrykk av at opplegget med jegerprøven har fungert svært tilfredsstillande, og at det apparat som er bygd opp står godt rusta til å løyse den viktige oppgåva det er å gje nye jegerar ei einsarta utdanning før dei slepp til med jakt på eiga hand.

### 9.7 Viltfondet

I 1986 fekk fylket tildelt kr 222 000 til lokale vilttiltak. Av desse har fylkesmannen disponert kr 189 000 til vidareføring av viltområdekartlegginga og til ei spørreundersøking av jegrane i fylket. Når det gjeld det siste prosjektet, vart det sendt ut eit omfattande spørreskjema til vel 2000 tilfeldig utplukka personar frå jegerregisteret med spørsmål om situasjonen med tanke på jakttilgang og ønskje om betre tilrettelegging i ulike geografiske område og utval av artar og jaktmåtar. Det har kome inn knapt 1400 svar som vil gje eit godt grunnlag for vidare arbeid med organisering og tilrettelegging av allmenta sitt jakttilbod mest muleg i tråd med dei ønskja som brukarane har. Undersøkinga er gjennomført i samråd med FylkesutmarksLAGET i Møre og Romsdal som for sin del har foretatt ei parallel kartlegging av det jakttilbodet som blir tilbuddt gjennom eksisterande utmarksLAG.

Av midlane elles vart kr 7000 nytta av fleire viltnemnder til oppsyn under storviltjakta, kr 2500 av viltnemnder og privatpersonar til kriseføringa av hjort og rådyr vinteren 1985/86, kr 12.000 til viltmålbane for Meisingset skyttarlag, kr 10.000 til Ålesund JSFF i samband med utarbeiding av ei plan for praktiske vilttiltak i eige jaktområde og kr 2000 til Sykkylven utmarksråd for tilrettelegging for småviltjakt. Med tanke på debatten som har vore ført om jegeravgifta og bruken av desse midla, har det vore liten pågang frå utmarksLAGET og jegerforeiningar om løvningar til praktiske tiltak.

## 10. SAMLA PLAN FOR VASSDRAG

### 10.1 Stortingsbehandlinga i 1986

Stortinget behandla i møte 19.06.86 Samla Plan for Vassdrag (innstilling S.nr. 250 (1985-86). St.meld.nr. 63 (1984-85) som for Møre og Romsdal sitt vedkomande ga som resultat at 18 prosjekt med eit samla produksjonspotensiale på 1.019 GWh pr år (middelproduksjon) blei plassert i kategori I, og såleis klarert for konsesjonsbehandling. I kategori II blei det berre plassert tre prosjekt, med eit totalt potensiale på 96 GWh, jfr tabell.

Oversikt og kategori I og kategori II prosjekt i Møre og Romsdal etter Stortinget si behandling av St.meld.nr. 63:

#### A. KATEGORI I:

Prosjekt	Kommune	Midl.prod. (GWh/år)
Innfjordelva	Rauma	65
Grøa	Sunndal	113
Glutra	Rauma	32
Botnaelv	Volda	24
Kilspollen/Dale	Volda	22
Småvoll B	Sunndal	25
Isa	Rauma	22
Dyrkorn	Stordal/Ørskog	41
Vatne	Ørsta	22
Reinsvatn A	Sunndal	60
Småvoll A	Sunndal (tillegg)	1
Eidselva	Norddal	63
Herjevatn	Rauma	61
Meisal	Nesset	25
Geiranger o/Tafjord	Stranda	31
Norddal o/Tafjord	Norddal	58
Åmæla	Vanylven	7
Rauma D	Rauma	252
Bøvri C	Lesja/Rauma	95
Sum kategori I iflg. St.meld. nr. 63		1.019

B. KATEGORI II:

Prosjekt	Kommune	Midl.prod. (GWh/år)
Tungeelv	Volda	68
Bævra/Svorka	Surnadal	12
Søa/Toråa	Rindal	16
Sum kategori II iflg. St.meld. nr. 63		96

10.2 Nye småprosjekt på høyring i 1986

Vassdragsrapportar for 11 småprosjekt vart ferdige hausten 1986, og sendt på høyring til kommunar, kraftselskap og organisasjonar. I høyrbrevet vart det samstundes gitt signal om kva for gruppe- og kategoripllassering som syntes aktuell ut frå dei førebelse konsekvensvurderingane i vassdragsrapportane, jfr tabell.

Oversikt over nye småprosjekt i Møre og Romsdal og førebels gruppe- og kategoripllassering:

Prosjekt	Kommune	Midl.prod. GWh	Førebels klassifisering	
			Gruppe	Kategori
Sørdalen	Vanylven	9,4	5	I
Tenneelv	Vanylven	9,8	4	I
Vedeld	Vanylven	14,6	4	I
Framsetra	Sykylven	14,0	2	I
Storfossen 1	Stranda	7,0	2	I
Storfossen 2	Stranda	15,8	2	I
Stettevik	Haram, Ørskog	6,5	7	II
Kjøvelv	Nesset	13,9	5	I
Osvatn	Molde, Gjemnes, Nesset	16,7	11	III
Svendsli	Halsa	5,1	4	I
Sandå	Halsa	32,0	3	I
Bjøringen	Aure	17,0	5	I
Sum kategori I		122,8 GWh/år		
Sum kategori II		6,5 GWh/år		
Sum kategori III		16,7 GWh/år		
Sum alle kategoriar		146,0 GWh/år		

(NB! I summen er ikkje Storfossen 2 i Geirangerelva tatt med).

10.3 Vidareføringsprosjekt på høyring i 1986

I St.meld.nr. 63 (1984-85) vart det signalisert vidare arbeid med nye utbyggingsalternativ i Raumavassdraget, som skulle ta mest mogleg amsyn både til fjellområda og sjølve Romsdalen.

Vassdragsrapporten for dei nye Raumaaalternativa vart sendt på høyring hausten 1986. På same vis som for dei nye småprosjekta, vart det også i høyringsbrevet for Raumarapporten gitt gruppe- og kategoripllassering ut frå dei førebelse konsekvensvurderingane i vassdragsrapporten, jfr tabell.

Oversikt over dei nye alternativa i Raumavassdraget og dei førebelse gruppe- og kategoripllasseringane:

Prosjekt	Kommune	Midl.prod. GWh	Førebels klassifisering	
			Gruppe	Kategori
Rauma E	Rauma	650	7	II
Rauma F	Rauma	650	9	III
Rauma F1	Rauma	580	7	II
Rauma F2	Rauma	624	7	II
Rauma G	Rauma	650	9	III

#### 10.4 Ny Stortingsmelding om Samla Plan våren 1987

På kartet er vist alle prosjekta som har vore vurdert i Samla Plan i perioden 1982-86. Desse prosjekta vil få si endelige kategoripllassering i den nye stortingsmeldinga om Samla Plan som skal leggast fram våren 1987.

**11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR**

Saksmengda innanfor dei ymse fagsektorane berre aukar og aukar. I 1986 vart det i alt journalført 5784 ekspedisjonar. Desse er fordelt slik på dei ymse fagsektorane:

Saker av administrativ karakter (saksbehandlar: OH, OW, AMG)	581
Friluftsliv/naturvernsaker (saksbehandlar: HØ, AOF, AaH)	1174
Arealplanlegging (saksbehandlar: KL)	468
Vatn, avløp, forureining (saksbehandlar: KM, PFB, OB, IMG)	2527
Vilt (saksbehandlar: AB)	536
Fisk (saksbehandlar: TH)	365
Vassdragsforvaltning (saksbehandlar: OM)	133
Totalt antal	<u>5784</u>

Ekspedisjonane varierer frå enkle saker som går rett i arkivet til kompliserte som krev omfattande saksbehandling. Fleire ekspedisjonar er òg journalførte på same nummer. Men trass i dette gir talet på registrerte saker eit bilet på arbeidsbelastninga.

**11.1 Personale**

Pr 01.01.87 hadde miljøvernavdelinga desse tilsette:

Miljøvernleiar	Odd Høgset
Fylkesingeniør	Kolbjørn Megård
Overingeniør	Per Fredrik Brun
Avd. ing.	Ivar Mork-Grevsnes
Avd. ing.	Ola Betten
Naturvernsinspektør	Harald Ørsahl
Naturvernkonsulent	Alv Ottar Folkestad
Naturvernkonsulent	Kjell Lyse
Viltkonsulent	Asbjørn Børset
Fiskerkonsulent	Trond Haukebø
Vassdragsforvaltar	Oddvar Moen

Konsulent Aase Hegnes arbeider òg full tid i avdelinga. Løna hennar er betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune som er hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen får løna refundert av Miljøverndepartementet.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

Førstesekretær Oddveig Windstad  
Førstekontorfullmektig Aslaug Magerøy Grimstad

Dei er løna over Justisdepartementet sitt budsjett.

I 1986 var det i miljøvernavdelinga utført om lag 4 årsverk av engasjert personale. Desse 4 årsverka saman med dei 11 faste stillingane og konsulent Aase Hegnes utgjer 16 årsverk med fagarbeid. I tillegg kjem 2 kontorstillingar = 18 årsverk.

### 11.2 Rekneskap 1986

I 1986 er løyvingane over kap 1406 i statsbudsjettet brukt slik:

01.1 Løn til faste medarbeidarar	kr 1.875.500
01.2 Løn til ekstrahjelp	" 69.000
Samla løn	<u>kr 1.944.500</u>

11.1 Maskiner, inventar, utstyr	kr 141.000
11.3 Reiser	" 404.500
11.5 Analysekostnader	" 3.000
11.6 Konsulentbistand	" 221.000
11.7 Drift av maskiner	" 2.000
Samla varer og tenester	<u>kr 771.500</u>

I alt tilvist på kap 1406	kr 2.716.000
---------------------------	--------------

Løyvingane over kap 1422 i statsbudsjettet er brukt slik:

21.1 Oppstartig EDNA/FRIDA, løn	kr 15.100
21.2 Oppstartig EDNA/FRIDA, varer og tenester	" 22.900
30 Arbeide med erstatningssaker etter naturvernloven	<u>" 51.500</u>

I alt tilvist på kap 1422:	kr 89.500
----------------------------	-----------

Løyvingane over kap 1427 i statsbudsjettet er brukt slik:

01.9 Løn oppsynspersonell	kr 91.500
11.5 Varer og tenester oppsyn	" 104.000
21 Registrering av verneområder	" 175.500
31.1 Naturverntiltak	" 130.000
31.2 Friluftstiltak	" 340.000
60 Planl. opparb. vedlikehold friluftsområder	" 220.000
I alt tilvist på kap 1427:	<u>1.061.000</u>

I tillegg har miljøvernavdelinga i 1986 fått overført desse pengane for ymse prosjekt og særøppgåver:

Frå:	Formål:	Beløp
Direktoratet for naturforvaltning	Viltnemndenes utgifter	kr 200.000
Direktoratet for naturforvaltning	Ettersøking skadet vilt, fallvilt	" 40.400
Direktoratet for naturforvaltning	Lokale viltstelltiltak	" 222.000
Direktoratet for naturforvaltning	Gyrodactylusovervakning	" 268.300
Direktoratet for naturforvaltning	Teoretisk jegerprøve	" 9.210
Miljøverndep.	Samla Plan	" 100.000
Statens forureiningstilsyn	Overvakning vassdrag og fjordar i Møre og Romsdal	" 115.000
		<u>kr 954.910</u>

**Samandrag:**

kap 1406	kr 2.716.000
kap 1422	" 89.500
kap 1427	" 1.061.000
Overføringer i form av posteringsfullmakter	" 954.910
Brukte midlar til saman i 1986:	<u>kr 4.821.410</u>